

Øystre Slidre kommune

Økonomiplan 2026-2029

Vedteke av kommunestyret 18.12.2025 i sak KS-60/25



Innhald

Forord frå kommunedirektøren	3
Kap. 1 10 på topp hovudprioriteringar	4
Kap. 2 Verbalvedtak	5
Kap. 3 Budsjettvedtak	6
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd	6
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd	7
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6	8
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd	9
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd	10
Kap. 4 Plangrunnlag og befolkning	13
Kap. 4.1 Plangrunnlaget	13
Visjon og verdiar	13
Hovudmål for kommunen	14
Kommunen sine langsiktige økonomiske handlingsreglar	14
Kap. 4.2 Utvikling i befolkning	15
Befolkningsutvikling per årsak	15
Demografi	15
Kap. 5 Investeringar i økonomiplanen	18
Beskriving av investeringar	18
Finansiering beskriving	26
Kap. 6 Grunnlaget for driftsbudsjettet	27
Kap. 6.1 Forutsetningar som er lagt til grunn i drift	27
Kap. 6.2 Økonomiske utfordringar i planperioden	29
Kap. 6.3 Nye styrkingstiltak og tiltak for å balansere budsjettet	30
Kap. 7 Økonomisk utvikling i planperioden	31
Netto driftsresultat	31
Disposisjonsfond (frie driftsfond) i % av brutto driftsinntekter	31
Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter	33
Løyving til tenestene	34
Kap. 8 Kommunen sine tenesteområde	35
Kap. 8.1 Kommunedirektør - fellesområde	35
Samandrag budsjett	35
Fordeling på eining (tabell)	35
Utfordringar og strategi	37
Kostra-analyse	38
Mål	39
Kap. 8.2 Opplæring og kultur	40

Økonomiplan 2026-2029 vedteke i KS-60/25



Samandrag budsjett	40
Fordeling på eining (tabell).....	40
Utfordringar og strategi	42
Kostra-analyse	45
Mål	47
Kap. 8.3 Helse og omsorg	50
Samandrag budsjett	50
Fordeling på eining (tabell).....	50
Utfordringar og strategi	51
Kostra-analyse	56
Mål	57
Kap. 8.4 Tekniske tenester.....	59
Samandrag budsjett	59
Fordeling på eining (tabell).....	59
Utfordringar og strategi	62
Kostra-analyse	64
Mål	67
Vedlegg 1 Næringsmessig bruk av eigedomsskatt.....	69
Vedlegg 2 Gebyrliste.....	72
Opplæring og kultur	72
Kommunedirektør, stab, fellestenester.....	75
Helse og omsorg	77
Tekniske tenester.....	81



Forord frå kommunedirektøren

Den økonomiske situasjonen for kommunen er krevjande. Vi dreg med oss ein ubalanse i drifta på 6,8 mill. frå budsjettet 2025. På enkelte områder aukar kostnadene meir i 2026 enn ordinær prisvekst og det auken i overføringane frå staten dekker. Spesielt gjeld dette pensjon, som medfører at ubalansen aukar ytterlegare med 3,1 mill. Kommunestyret har lagt vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomisk ramme for tenestene i kommunen, og dekke store delar av ubalansen ved bruk av oppsparte midlar, noko som tærer sterkt på reservane til kommunen.

Investeringsplanen for "generaløkonomien" i økonomiplanen for 2026-2029 er halde på eit forholdsvis lågt nivå, og gjev reduserte kapitalutgifter for denne delen av verksemda. Det er planlagt store investeringar på sjølvkostområda vatn og avløp, noko som inneber at desse sjølvkostområda får høgare kapitalkostnader framover.

Underdekninga i planperioden var 9,5 mill. for 2026, og for påfølgjande år 8,2 mill., 4,1 mill. og 2,5 mill.

Av omsyn til den økonomiske situasjonen til kommunen har det vore streng prioritering, ingen vesentlege styrkingar i drifta og naudsynt med fleire innsparingar i økonomiplanen for 2026-2029.

Økonomiplanen er balansert ved bruke av disposisjonsfond dei fyrste to åra - 6.274` og - 3.473`. Siste åra føre tilbake til fondet 943` og 2.112`.

Trass i ein krevjande økonomisk situasjon må kommunen vise evne til nyskaping, endring og utvikling. Kommunestyret har gjennom 10 på topp lista i kap. 1 i økonomiplanen sagt kva som skal ha høgast prioritet i planperioden. Vi må alle gjere vårt for å gjennomføre 10 på topp lista.

Jostein Aanestad

Kommunedirektør



Kap. 1 10 på topp hovudprioriteringar

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen:

- Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
- Tal deltidssinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
- Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden er følgjande:

- Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023.
- Vi skal gjennomføre tiltaka i plan for rekruttering.
- Vi skal i løpet av 2026 greie ut verknadene av mogleg endra skolestruktur, med vekt på verknad for læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. Vi skal sikre brei medverknad frå FAU, tilsette m.fl. i arbeidet.
- Vi skal i løpet av 2026 gjere ferdig friområdet Furustrand som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå.
- Vi skal i løpet av 2026 vedta ein strategi for areala og bygningane på Løken gard og bidra til høg aktivitet ved nasjonalt senter for fjellandbruk.
- Vi skal invitere til Rein naturglede og styrke merkevaren og reisemålet Beitostølen gjennom m.a. å:
 - sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv.
 - vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå
 - auke bruken av Beitostølen stadion i lag med stadionselskapet, gjennom betre tilrettelegging for alle, utvikling av nye tilbod og fleire arrangement
 - styrke opplevingsnæringane og skape fleire arbeidsplassar i reiselivet.
- Vi skal revidere hovudplanen for vatn og avløp og avklare framtidig utbyggingsløyser for avløpsreinsing og vassforsyning.
- Vi skal kartlegge motivasjonen for vidare drift og utvikling hjå mjølkeprodusentane og resten av landbruket, og motivere alle mjølkeprodusentar til å leggje om drifta i samsvar med lovkrav.
- Vi skal i arbeidet med å gjennomføre tiltak i helse og omsorgsplanen vidareutvikle og styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar og enkeltmenneske.
- Vi har som mål å betre dei faglege resultata i skulen, slik at vi i løpet av planperioden nærmar oss det nasjonale nivået på nasjonale prøver og grunnskulepoeng, samtidig som vi gjennomfører tiltak innanfor oppvekstmiljøet for å sikre høg trivsel blant barn og unge.

Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane.



Kap. 2 Verbalvedtak

Vedtak i kommunestyret i sak 60/25:

1. Kommunestyret vedtek økonomiplan 2026-2029 med årsbudsjett for 2026 i samsvar med spesifikasjonane i vedlagd dokument, «Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd», «Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd», «Økonomisk oversikt drift etter § 5-6», «Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd», «Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd», og med dei endringane som ligg i økonomiplannotat nr. 6 og dei endringane som vart vedteke i møtet.
2. Gebyr og betalingssatsar i samsvar med «Gebyrliste», og med dei endringane som vart vedteke i møtet.
3. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter høgast lovlege satsar.
4. Kommunestyret vedtek med heimel i §§ 2 og 3 bokstav a) i eigedomsskattelova å i 2026 vidareføre utskriving av eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Den generelle skattesats skal vera 7 promille av takstverdien. For bustader og fritidsbustader skal skattesatsen vera 4 promille, jf. eigedomsskattelova § 12 bokstav a.
5. Eigedomar som har fått fritak for eigedomsskatt i 2025 får tilsvarande fritak for 2026.
6. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen rammer og retningslinjer vedteke av sakkunnig takstnemnd 21.2.2018 (jf. eigedomsskattelova § 10).
7. Eigedomsskatten blir skriven ut i fire terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, 1. ledd. Terminane er 10.2., 10.5., 10.8. og 10.11. Kommunale avgifter blir skriven ut i tilsvarande terminar.
8. I samsvar med behov for lånefinansiering får kommunedirektøren fullmakt til å godkjenne lånevilkår til investeringar i 2026 med kr 2.000.000 frå Husbanken til vidareutlån, og kr 48.913.000, med fråtrekk av ubrukte lånemiddel per 1.1.2026 (jf. kommunens finans- og gjeldsreglement), til andre investeringar i 2026.
9. Kommunen skal ha 100% kostnadsdekning gjennom gebyr på sjølvkostområda vatn, avløp, slam, renovasjon, feiing, oppmåling/ eigarseksjonering, spreidd avløp, bygge-/delesak og private planforslag.

Kap. 3 Budsjettvedtak

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Rammetilskot	-135 084	-142 932	-143 472	-159 386	-159 386	-159 386	-159 386
Inntekt- og formuesskatt	-124 576	-134 168	-134 168	-139 526	-139 526	-139 526	-139 526
Eigedomsskatt	-31 800	-32 040	-32 040	-32 101	-32 101	-41 101	-41 101
Andre generelle driftsinntekter	-7 166	-7 738	-7 738	-32 806	-32 806	-32 806	-32 806
Sum generelle driftsinntekter	-298 626	-316 878	-317 418	-363 819	-363 819	-372 819	-372 819
Korrigert sum løyvingar drift, netto	268 827	274 057	262 597	320 114	312 557	311 225	304 251
Avskrivningar	30 041	32 115	32 115	35 010	35 010	35 010	35 010
Sum netto driftsutgifter	298 869	306 172	294 712	355 124	347 567	346 235	339 261
Brutto driftsresultat	243	-10 706	-22 706	-8 695	-16 252	-26 584	-33 558
Renteinntekter	-8 996	-6 890	-6 890	-6 190	-6 190	-6 190	-6 190
Utbytte	-3 756	-3 155	-3 155	-3 320	-3 320	-3 320	-3 320
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	25 799	24 367	24 367	24 284	25 490	30 496	38 141
Avdrag på lån	22 178	25 190	25 190	22 000	22 900	23 550	24 055
Netto finansutgifter	35 226	39 512	39 512	36 774	38 880	44 536	52 686
Motpost avskrivningar	-30 041	-32 115	-32 115	-35 010	-35 010	-35 010	-35 010
Netto driftsresultat	5 427	-3 309	-15 309	-6 931	-12 382	-17 058	-15 882
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	3 570	6 450	9 912	12 867	12 925	7 050	1 921
Avsetningar til bundne driftsfond	8 037	23 875	23 875	5 162	9 505	5 257	3 059
Bruk av bundne driftsfond	-7 501	-24 456	-24 456	-6 847	-5 446	-4 819	-4 819
Avsetningar til disposisjonsfond	2 356	19 606	31 606	23 028	19 536	25 738	26 907
Bruk av disposisjonsfond	-11 889	-22 166	-25 628	-27 279	-24 139	-16 169	-11 187
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-5 427	3 309	15 309	6 931	12 382	17 058	15 882
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0



Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Politisk leing og kontrollorgan	3 150	3 059	3 059	3 412	3 392	3 332	3 332
Kommunedirektør felles	2 589	8 502	8 502	10 056	9 970	9 907	9 947
Stab	17 687	18 531	18 471	19 955	19 864	19 864	19 864
Felles opplæring og kultur	8 580	6 867	7 272	1 905	1 344	1 294	1 294
ØSUS	13 845	15 720	15 765	18 012	18 012	18 012	18 012
Rogne skule	20 502	17 827	17 902	18 677	18 662	18 662	18 662
Lidar skule	16 442	16 989	17 064	21 942	21 932	21 932	21 932
Rogne barnehage	13 939	14 880	14 880	17 471	17 471	17 471	17 471
Beito barnehage	7 163	7 536	7 536	7 056	6 606	6 606	6 606
Private barnehagar	5 838	6 324	6 324	6 324	6 324	6 324	6 324
Kulturavdelinga	9 778	9 994	10 399	10 785	10 725	10 725	10 725
Integreringstenesta	0	0	0	16 897	16 897	16 897	16 897
Felles helse og omsorg	17 115	22 780	22 545	28 880	29 220	29 220	29 220
Helse og tilrettelagde tenester	44 869	39 858	39 858	43 926	43 726	44 076	43 726
Førebygging og meistring	38 413	39 523	39 523	39 735	39 735	39 735	39 735
Institusjonstenester	34 725	36 449	36 449	37 094	37 094	37 094	37 094
Felles tekniske tenester (ikkje i bruk)	3	118	0	0	0	0	0
Teknisk drift	40 164	39 660	39 122	39 338	38 644	39 026	39 106
Næring plan og byggesak	11 851	11 975	12 461	14 072	12 905	13 105	12 605
Kraftforvaltning	-12 198	-11 021	-23 021	-11 725	-12 068	-12 050	-12 035
Ramme, skatt, intergreringstilskott	0	0	0	-2 747	-2 747	-2 747	-2 747
Renter og avdrag	1	0	0	0	0	0	0
Pensjon, finansiering mv. felles	-9 478	-13 109	-13 109	-3 452	-3 452	-3 452	-3 452
Sum løyvingar drift, netto	284 977	292 461	281 001	337 610	334 254	335 031	334 316
Av dette:							
Netto renteutgifter og -inntekter	360	-55	-55	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	2 533	18 601	18 601	19 343	22 142	23 926	30 185
Bruk av bundne driftsfond	11 983	-1 262	-1 262	-1 847	-446	-121	-121
Avsetninger til disposisjonsfond	2 356	1 120	1 120	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 082	0	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	268 827	274 057	262 597	320 114	312 557	311 225	304 251

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Rammetilskot	-135 084	-142 932	-143 472	-159 386	-159 386	-159 386	-159 386
Skatt på inntekt og formue	-124 576	-134 168	-134 168	-139 526	-139 526	-139 526	-139 526
Eigedomsskatt	-31 800	-32 040	-32 040	-32 101	-32 101	-41 101	-41 101
Andre skatteinntekter	-6 112	-6 674	-6 674	-6 400	-6 400	-6 400	-6 400
Andre overføringer og tilskot frå staten	-32 973	-27 804	-27 804	-26 906	-26 906	-26 906	-26 906
Overføringer og tilskot frå andre	-40 216	-36 169	-36 339	-36 360	-36 277	-36 277	-36 277
Brukarbetalingar	-11 737	-9 705	-9 705	-8 740	-8 740	-8 740	-8 740
Sals- og leigeinntekter	-100 355	-99 335	-111 335	-101 497	-106 877	-109 483	-116 285
Sum driftsinntekter	-482 852	-488 828	-501 538	-510 916	-516 214	-527 820	-534 622
Utgifter til løn	214 873	229 234	229 234	235 706	233 432	233 362	233 362
Sosiale utgifter	38 462	42 100	42 100	50 777	50 777	50 777	50 777
Kjøp av varer og tenester	168 652	141 092	142 116	143 065	143 362	143 452	144 106
Overføringer og tilskot til andre	31 068	33 580	33 267	37 664	37 381	38 634	37 808
Avskrivningar	30 041	32 115	32 115	35 010	35 010	35 010	35 010
Sum driftsutgifter	483 095	478 122	478 832	502 222	499 962	501 236	501 064
Brutto driftsresultat	243	-10 706	-22 706	-8 695	-16 252	-26 584	-33 558
Renteinntekter	-8 996	-6 890	-6 890	-6 190	-6 190	-6 190	-6 190
Utbytte	-3 756	-3 155	-3 155	-3 320	-3 320	-3 320	-3 320
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	25 799	24 367	24 367	24 284	25 490	30 496	38 141
Avdrag på lån	22 178	25 190	25 190	22 000	22 900	23 550	24 055
Netto finansutgifter	35 226	39 512	39 512	36 774	38 880	44 536	52 686
Motpost avskrivningar	-30 041	-32 115	-32 115	-35 010	-35 010	-35 010	-35 010
Netto driftsresultat	5 427	-3 309	-15 309	-6 931	-12 382	-17 058	-15 882
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	3 570	6 450	9 912	12 867	12 925	7 050	1 921
Avsettingar til bundne driftsfond	8 037	23 875	23 875	5 162	9 505	5 257	3 059
Bruk av bundne driftsfond	-7 501	-24 456	-24 456	-6 847	-5 446	-4 819	-4 819
Avsettingar til disposisjonsfond	2 356	19 606	31 606	23 028	19 536	25 738	26 907
Bruk av disposisjonsfond	-11 889	-22 166	-25 628	-27 279	-24 139	-16 169	-11 187
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-5 427	3 309	15 309	6 931	12 382	17 058	15 882
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0



Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Investeringar i varige driftsmidlar	47 236	84 430	56 856	77 884	104 075	209 900	196 200
Tilskot til andre sine investeringar	129	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	840	900	914	950	950	950	950
Utlån av egne midlar	0	0	6 118	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	48 205	85 330	63 887	78 834	105 025	210 850	197 150
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 236	-6 494	-4 448	-8 475	-7 775	-8 340	-1 680
Tilskot frå andre	-6 257	-1 970	-3 318	-2 639	-2 100	-100	-100
Sal av varige driftmiddel	-1 493	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	0	0	-2 239	-950	-950	-950	-950
Bruk av lån	-42 204	-64 416	-37 971	-51 913	-80 275	-193 410	-191 499
Sum investeringsinntekter	-51 191	-73 880	-48 975	-64 977	-92 100	-203 800	-195 229
Vidareutlån	2 370	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av lån til vidareutlån	-2 370	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Avdrag på lån til vidareutlån	336	200	200	200	200	200	200
Mottatte avdrag på vidareutlån	-89	-200	-200	-200	-200	-200	-200
Netto utgifter vidareutlån	247	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	-3 570	-6 450	-9 912	-12 867	-12 925	-7 050	-1 921
Avsetningar til bundne investeringsfond	5 668	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-247	-5 000	-5 000	-990	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp	887	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	2 738	-11 450	-14 912	-13 857	-12 925	-7 050	-1 921
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0	0



Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Andre investeringer								
Tenestebilar	493	1 000	923	0	0	0	0	0
Kommunale områder for bustad og næring	107	0	4 877	0	0	0	0	0
Kjøp eigedom for nytt helsehus/ombygg.gml.sjukeheimen	0	0	0	1 700	0	0	0	1 700
Rogne skule - uteområde	0	0	0	450	0	0	0	450
Uteområde ØSUS - Gapahuken	57	0	0	0	0	0	0	0
Nye helsetunet ute og inne	31	0	0	0	0	0	0	0
Lydisolering kulturskulerom	123	0	0	0	0	0	0	0
Rogne barnehage utvid garderobe	37	0	0	0	0	0	0	0
Nytt helsehus mv.	0	0	0	14 000	18 200	10 000	0	42 200
Bustad Bygdivn.2175 (27/42)	98	100	0	0	0	0	0	0
Nye energiløysingar kommunehuset /ØSUS	906	7 000	7 900	0	0	0	0	0
Betre nettverk kommunehuset	0	0	1 162	0	0	0	0	0
Moavegen 43 nytt tak og male	2 001	0	0	0	0	0	0	0
Heranglie bustader	3	0	0	0	0	0	0	0
Brannstasjonar	7 971	0	0	0	2 000	14 000	0	16 000
Skoltefoss kraftstasjon	409	3 500	3 091	6 500	0	0	0	6 500
Nytt takbelegg kommunehus Tingvang	0	0	0	350	0	0	0	350
Varmepumpe anlegg adm bygg Løken	0	0	0	930	0	0	0	930
Hegge stavkyrkje rehab.-26-	0	0	0	719	0	0	0	719
Kommunale vegar - asfaltering o.l.	0	800	800	0	0	0	0	0
Kommunale vegar - Volbu bru	10	0	0	0	0	0	0	0
Kommunal veg - utstyr og transportmiddel	369	0	0	0	0	0	0	0
Nærmiljøanlegg Heranglie	0	0	0	0	0	0	1 500	1 500
Uteområdet ved ØSUS	0	5 450	1 000	9 900	0	0	0	9 900
Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvegen	923	12 000	9 000	9 497	13 400	13 700	6 900	43 497
Tjedbakkvegen								
Skibru - Finntøppvegen	2	0	0	0	0	0	0	0
Furustrand uteområde	1 796	7 220	2 222	2 958	0	0	0	2 958
Trillesti Rupetjedn	429	0	156	0	0	0	0	0
Nærmiljøanlegg Klyppemyrhaugen	589	0	0	0	0	0	0	0
Fleirfunksjonstrase Stølsie Garli	0	0	0	500	5 000	0	0	5 500
Fortau Helsetunet - Bygdivegen	0	0	0	0	275	0	0	275
Opparb.næringsområde Raubrøtmoen - 26	0	0	0	4 000	0	0	0	4 000
Opparb.næringsområde Mørken	0	0	0	0	0	4 000	0	4 000
Innløysing areal e.KPA -27-28 bl.a.Mørken	0	0	0	0	2 000	2 000	0	4 000
Intern finansiering	5 397	0	0	0	0	0	0	0
Sum Andre investeringer	21 753	37 070	31 132	51 505	40 875	43 700	8 400	144 480

**Selvkost**

VA mindre anlegg årleg	3	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
VA Kolleberg	5 108	0	269	0	0	0	0	0
VVA Heranglie	5 522	360	505	0	0	0	0	0
VA i bygda - Nordtorp Hegge stavkyrkje	8 308	0	2 125	0	0	0	0	0
VA Solhauglie III	0	0	0	0	0	1 000	3 000	4 000
VA Storefoss Nedrefoss	81	0	0	0	0	0	0	0
VA Bergojordet	691	0	0	0	0	0	0	0
VA Beitostølen stadion - Haugsynlie	0	1 000	1 000	1 000	6 000	0	0	7 000
VA Bygdinvegen Skogaplassen - Mørstad	110	7 500	300	3 000	12 000	0	0	15 000
VA Mellsenn - Kveno	406	0	4 472	0	0	0	0	0
VA Nedrefoss - Rolands garden	0	0	0	0	0	0	1 000	1 000
VA mindre anlegg årleg	40	0	0	0	0	0	0	0
VA Finntøplie	590	0	1 106	0	0	0	0	0
VA Luskeråsen	0	0	0	500	2 000	20 000	20 000	42 500
VA Javnlie	0	0	0	0	0	0	2 000	2 000
VA Gravfjellet	217	1 000	1 767	0	2 000	7 000	24 000	33 000
VA transportmiddel	0	0	1 181	0	0	0	0	0
VA Nordtorp høgdebasseng	534	12 000	5 000	13 890	0	0	0	13 890
VA oppgradering Ole vassverk	2 579	500	700	1 490	19 200	0	0	20 690
VA Mellsenn vassverk (Kollstad)	578	0	200	500	2 000	43 200	42 800	88 500
VA auka reinsekapasitet	717	20 000	2 100	1 000	15 000	90 000	90 000	196 000
Sum Selvkost	25 484	47 360	25 724	26 379	63 200	166 200	187 800	443 579

Investeringar i varige driftsmidlar	47 236	84 430	56 856	77 884	104 075	209 900	196 200	588 059
--	---------------	---------------	---------------	---------------	----------------	----------------	----------------	----------------

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
VA Kolleberg	82	0	0	0	0	0	0	0
VVA Heranglie	24	0	0	0	0	0	0	0
VA Bergojordet	19	0	0	0	0	0	0	0
VA Finntøplie	4	0	0	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	129	0	0	0	0	0	0	0

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Andelar i KLP	840	900	914	950	950	950	950	3 800
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	840	900	914	950	950	950	950	3 800



4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Utlån (av egne midler)	0	0	6 118	0	0	0	0	0
Utlån av egne midlar	0	0	6 118	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	48 205	85 330	63 887	78 834	105 025	210 850	197 150	591 859



Kap. 4 Plangrunnlag og befolkning

Kap. 4.1 Plangrunnlaget

FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030, og desse er innarbeida i kommunen sine prioriteringar i kommuneplanen. Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld dei overordna visjonane, verdiane og satsingsområda til kommunen. Økonomiplanen, med 10 på topp, er handlingsdelen av kommuneplanen.

Visjon og verdier

Visjonen til kommunen er rein naturglede. Me vil arbeide for at flest mogleg skal få oppleve gleda ved å vera i storslåtte landskap utan skjemmaende inngrep og ureining. Kommunen, som nasjonalparkkommune i Langsua, forgard til Jotunheimen og med sine velhaldne stølslandskap, byr på innhaldsrike og mangfaldige naturopplevingar gjennom alle fire årstider. Me vil at flest mogleg, og alle grupper, kan oppleve rein naturglede også i framtida; innbyggjar og deltidsinnbyggjar, unge og eldre, Øystre-slidringar og innflyttarar, nordmenn og flyktningar, funksjonsfriske og personar med nedsett funksjonsevne. Me ynskjer rein naturglede for alle. Rein naturglede er også ein føresetnad for dei viktigaste næringane i kommunen: reiseliv og landbruk.

Kommunestyret ynskjer at følgjande verdier skal vera grunnlaget for kommunen som verksemd, der me skal:

- Oppnå gode resultat gjennom samarbeid.
- Vera opne og lyttande.
- Vera inkluderande og ynske alle velkomne til kommunen.
- Heie på kvarandre og la alle få rom til å blomstre.
- Behandle alle likeverdig, men og våge å ta upopulære val.

I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn:

1. Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
2. Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
3. Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Hovudmål for kommunen

- Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.
- Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

Kommunen sine langsiktige økonomiske handlingsreglar

Nedanfor følgjer forslag til langsiktige handlingsreglar og tekst i økonomiplanen:

Kommunestyret legg vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen. Følgjande langsiktige handlingsreglar vil bidra til det:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera på minst 1,75%.
2. Disposisjonsfond utanom kraftfond skal utgjere minst 15% av sum driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) skal utgjera maksimalt 50% av brutto driftsinntekter.

Bakgrunn for handlingsreglane:

- Det er ei tilråding frå departementet at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene skal vere på minst 1,75 %. Dette er basert på erfaring frå mange kommunar over lang tid.
- Ein kommune må vera i stand til å møte uføresette økonomiske utfordringar og ha midlar på disposisjonsfond for å møte slike situasjonar. Handlingsregelen for disposisjonsfond vart sist vurdert og oppdatert i 2025.
- Kraftfondet har sin eigen handlingsregel, der er det særskilt behov for å bygge opp eit kraftfond, sidan kommunen no sel krafta i spotmarknaden.
- Lånegjelda til kommunen auka monaleg for nokre år sidan som følgje av utbygging av helsetunet. For at lånegjelda ikkje skal auke ytterlegare, må kommunen redusere andre investeringar utanom sjølvkostområda eller der vi kan finansiere heile eller delar av investeringane eksternt. For å redusere renterisikoen og avgrense kapitalkostnadene bør gjeld som påverkar "generaløkonomien" (utanom sjølvkostområda og formidlingslån) ikkje overstige 50% av brutto driftsinntekter.


Kap. 4.2 Utvikling i befolkning

Befolkningsutvikling per årsak

	2020	2021	2022	2023	2024
Folketal ved inngangen av kvartalet	3 229	3 236	3 252	3 291	3 298
Fødde	32	25	25	15	27
Døde	34	29	34	35	32
Fødselsoverskot	-2	-4	-9	-20	-5
Innvandring	31	41	49	40	40
Utvandring	35	17	15	35	21
Innflytting, innanlands	130	136	160	186	143
Utflytting, innanlands	126	141	147	164	144
Netto innvandring og flytting	0	19	47	27	18
Folkevekst	-4	16	39	7	13
Folketalet ved utgangen av kvartalet	3 225	3 252	3 291	3 298	3 311

Demografi

Befolkningsprognose






	2025	2030	2035	2040	2045	2050
0 - åringer	29	29	28	27	27	26
Barnehage (1-5 år)	144	154	151	150	145	141
Grunnskole (6-15 år)	318	313	318	315	312	309
Videregående (16-19 år)	135	135	119	118	122	122
Voksne (20-66 år)	1 968	1 980	1 897	1 831	1 798	1 779
Eldre (67-79 år)	517	512	590	627	625	587
Eldre (80-89 år)	175	239	249	267	304	349
Eldre (90 år og eldre)	25	34	49	67	69	83
Total	3 311	3 396	3 401	3 402	3 402	3 396

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 25

Prognose vekst

Grafen er i prosent





	2025	2030	2035	2040	2045	2050
0 - åringer	100,0 %	100,0 %	96,6 %	93,1 %	93,1 %	89,7 %
Barnehage (1-5 år)	100,0 %	106,9 %	104,9 %	104,2 %	100,7 %	97,9 %
Grunnskole (6-15 år)	100,0 %	98,4 %	100,0 %	99,1 %	98,1 %	97,2 %
Videregående (16-19 år)	100,0 %	100,0 %	88,1 %	87,4 %	90,4 %	90,4 %
Voksne (20-66 år)	100,0 %	100,6 %	96,4 %	93,0 %	91,4 %	90,4 %
Eldre (67-79 år)	100,0 %	99,0 %	114,1 %	121,3 %	120,9 %	113,5 %
Eldre (80-89 år)	100,0 %	136,6 %	142,3 %	152,6 %	173,7 %	199,4 %
Eldre (90 år og eldre)	100,0 %	136,0 %	196,0 %	268,0 %	276,0 %	332,0 %
Total	100,0 %	102,6 %	102,7 %	102,7 %	102,7 %	102,6 %

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 25

Befolkningsprognosane frå SSB for middels nasjonal vekst og innvandring (ovanfor) viser venta folketal for Øystre Slidre kommune for dei ulike aldersgruppene. Trenden er nedgang i barn, unge og vaksne, og auke i talet på eldre. Kommunen har dei siste åra busett flyktningar, som har bidrege til å oppretthalde og auke folketalet. Utvikling av folketalet er usikkert framover.



Foto: Jostein Aanestad



Kap. 5 Investeringar i økonomiplanen

Beskriving av investeringar

VA-investeringar

Kommunestyret vedtok kommunedelplan for vassmiljø – vassforsyning – avløp (VVA-planen) og handlingsplan for spreidd avløp den 15.2.2018 og revidert handlingsprogram VVA den 29.4.21, sak 38/21. Måla innan vassforsyning og avløp er følgjande:

Vi skal levere nok og reint vatn på ein sikker måte til abonnentane.

Vi skal ha tilstrekkeleg reinsekapasitet for avløpsvatnet, slik at utsleppet frå reinseanlegga alltid ligg innanfor utsleppsgrensene.

Vi skal knytte nye abonnentar til kommunalt VA-leidning etter kvart som anlegget vert bygd ut.

Utbygging av VA-anlegg legg til rette for nærings-, bustad- og fritidsbustadutvikling. Næringsområde og nye bustadområde skal ha tilgjengeleg offentleg VA-anlegg, og alle hytte-område med krav til felles VA-anlegg er definert med infrastruktursone i arealdelen av kommuneplanen. Drift og utvikling av VA-anlegga vert full ut finansiert over VA-gebyra. Kommunestyret vil i samband med den årlege revideringa av økonomiplanen ta stilling til investerings- og driftsnivået innan VA, med dei følgjane dette får for gebyrutviklinga. Kommunestyret kan difor i samband med økonomiplanhandsaminga vedta eit anna investeringsnivå enn denne planen legg opp til. Vi vil på bakgrunn av revidert arealdel av kommuneplanen også revidere handlingsdelen av VVA-planen, truleg i 2026.

Vassforsyning

Kommunen har overordna ansvar for vassforsyning innanfor kommunegrensene slik dette går fram av m.a. plan- og bygningslova, kommunehelsetenestelova og regelverk for beredskapsarbeidet. Dette gjeld både drikkevatt, vatn for næringsmiddelproduksjon og sløkkevatn. Med målsettinga om å forsyne abonnentane med nok, reint og trygt vatn, må vi ha gode vasskjelder, gode vassbehandlingsanlegg med to barrierar, tilstrekkeleg utjamnings-/høgdebasseng og forsyning frå to kjelder, ei i sør (Mellsenn) og ei i nord (Olevatn).

Høgdebasseng Nordtorp

Høgdebasseng skal byggast for å auke leveringstryggleiken på leidninga Lidar – Furustrand. Dette blir eit hovudknutepunkt for vassforsyning. Det er i 2025 inngått kontrakt med entreprenør om utbygginga, og prosjektet skal etter planen vera ferdig i 2026.

Oppgradering av Ole Vassverk

Vi må utvida bassengkapasiteten ved Ole Vassverk då vi har vore over konsesjonsgrensene i fleire år. Vassforbruket i forsyningsområdet aukar med utbyggingane på Beitostølen i kombinasjon med stor lekkasjar i leidningsnettet. I 2024 og 2025 har vi hatt ein særleg innsats retta mot lekkasjekontroll, og fått stoppa fleire store lekkasjar. Når vi etter kvart får leidningsnett i heile forsyningsområdet til vassverket og vi i tillegg blir reservevassskjelde for Vindin Vassverk, må vi ha løyve til å ta ut meir

Økonomiplan 2026-2029 vedteke i KS-60/25



råvatn. Vi har søkt om konsesjon for auka uttak frå Olevatn. Vassinntaket i Olevatn ligg ikkje på mest gunstig punkt. Inntaket bør flyttast om lag 480 m til eit djupare basseng. Noverande inntakspunkt har eit djup på 16 m, men sidan botn har mykje botnslam er inntakspunktet løfta til om lag 11 m for å unngå å suge inn slam i vassforsyningssystemet. Vi kjem då svært nær sprangsjiktet som gir meir sårbar vasskvalitet. Behandlingsanlegget gir ikkje absolutt tryggleik mot at råvatn kan passere behandlingsanlegget og koma ut på nettet utan reinsing. Det bør etablerast to hygieniske barrierar i behandlingsanlegget. Det er sett av 20,69 mill. til tiltaket i økonomiplanperioden.

Nytt vassverk Mellsenn – ny vasskjelde, nytt behandlingsanlegg og leidningsnett

Inntakspunkt til Kollstad vassverk er direkte i elva Ygna, og dette er det kritiske punktet i høve til forsyningstryggleik. Elv som vasskjelde gir hygienisk ustabil vasskvalitet som ikkje tilfredsstiller dei krav vi har til vasskilder i dag. Utfordringane knytt til direkte inntak frå elv er forventa å auke i samband med klimaendringane.

Som overflatevasskjelde har Mellsenn svært gode data som råvasskjelde både m.o.t. hydrologi og vasskjemiske/hygieniske målingar. Vi har søkt om konsesjon for uttak av vatn frå Mellsenn til nytt Mellsenn vassverk.

Vi har som mål å kunna bygga ny hovudforsyning til Kollstad vassverk frå Mellsenn i 2027-2028. Det er sett av 0,5 mill. i planleggingsmidlar i 2026 og samla 88,5 mill. til utbygginga i økonomiplanperioden.

Revidert handlingsprogram for avløp

Vi har dimensjonert leidningsnettet mellom Beitostølen og Nedrefoss RA til å kunne ta i mot avløpet frå nedslagsområdet til Beito RA. Siktemålet er å overføre avløpet frå Beito RA til Nedrefoss.

Statsforvaltaren i Innlandet har i brev til kommunen peika på at vi må dokumentere tilstrekkeleg reinsekapasitet ved Beito RA i situasjonar med store mengder avløpsvatn (jul-, vinter og påskeferien) og ev. auka reinsekapasiteten for avløpsvatn i kommunen før nye utbyggingar av hus/hytte/næring.

I juni 2023 sende vi søknad om utsleppskonsesjon for nye Nedrefoss reinseanlegg. Anlegget er dimensjonert for 25 000 PE. Vi har i 2023 gjort ei grov kostnadsvurdering for utbygginga. Denne viser ein kostnad eks mva på 210 mill. kroner. I desse tala er det lagd til grunn at anlegget ikkje vert pålagd nitrogenreinsing. Vi fekk i sep. 2024 utkast til utsleppskonsesjon for nye Nerreføss RA, der det blir pålagt nitrogenreinsing og der utsleppsløve er avgrensa til 15 000 PE.

Også andre kommunar i Valdres har behov for auka reinsekapasitet på avløp, og vi har gjennomført eit forprosjekt om felles avløpsreinseanlegg i Valdres. Kommunestyret har i sak 34/25c gjort følgjande vedtak: *"Kommunestyret tar rapporten om Felles VA Valdres fra Norconsult dagsett 2025-01-29 til orientering, og ber kommunedirektøren komme tilbake til kommunestyret med en sak når det skal tas stilling til om og ev. hvordan det skal etableres en felles organisering for VA i Valdres. Kommunestyret slutter seg til at det blir gjennomført et forprosjekt om felles renseanlegg for avløp for Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Øystre Slidre kommuner og bevilger kroner 700 000,- til gjennomføring av forprosjektet. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake til kommunestyret når forprosjektet er gjennomført med tilråding om det skal gjennomføres et hovedprosjekt med søknad om utbygging av et felles renseanlegg for kommunene."*



Vi vil i 2026 greie ut ei løysing med felles reinseanlegg i Valdres. Samtidig vil vi vurdere resipientkapasiteten for Beito RA og Nerreføss RA, og mellombelse løysingar ved desse anlegga fram til nytt reinseanlegg er bygd ut. Det vil vera naudsynt å starte utbygginga av eit nytt anlegg i økonomiplanperioden, og det er sett av 196 mill. til tiltak for auka reinsekapasitet i økonomiplanen. Det skal ikkje brukast investeringsmiddel på avløp knytt til tilpassing til ei framtidig reinseløysing som ikkje er naudsynt for å sikre reinsekapasiteten på dagens to reinseanlegg, før ny VA-plan er vedteken. Ev. unntak frå dette skal handsamast i formannskapet.

Utbygging av VA-anlegg i grunnen

Med bakgrunn i hovudplanen og handlingsplanen skal det byggast ut VA-anlegg i grunnen som bind kommunen saman i eit felles nett for vassforsyning frå nord til sør og som bind avløpsanlegget saman til eit felles reinseanlegg.

Mindre VA-anlegg, årleg løyving

Det vil alltid vera behov for utbygging av mindre strekningar med VA-leidning i grunnen for tilknytning av husklynger eller einskildhus og til å ta opp leidningsnett som treng utskifting. Det vert årleg sett av 5 mill. til dette føremålet i økonomiplanperioden.

VA Solhauglie III

Området er ferdig regulert, og arbeidet med kjøp av grunn har starta opp. For å gjere bustadområdet klar for utbygging må vi planlegge og prosjektere anlegget for veg, vatn og avløp. Det er førebels sett av 1 mill. i 2028 til planlegging og prosjektering og 3 mill. til utbygging i 2029. Kostnadsramme og framdrift vil bli vurdert i løpet av 2027.

VA Bygdinvegen Skogaplassen-Mørstad

Langs hovudstammen for VA-anlegg frå Beitostølen til Nedrefoss er det ønskeleg å knytte til fleire husstandar på strekninga, slik at innbyggjarane får trygg vassforsyning og betre løysingar for handsaming av avløpsvatnet. Strekninga er på ca. 2500 meter. Tiltaket er ferdig prosjektert, og arbeidet med grunneigaravtalar er starta opp. Det er sett av 3 mill. i 2026 og 12 mill. i 2027 til utbygginga.

VA Beitostølen stadion - Haugsynlie

Utbygging av VA-leidning frå Beitostølen stadion til Haugsynlie vil endre fallretninga på avløpet frå store delar av Beitostølen, slik at dette får naturleg fall sørover. Om lag 80% av avløpet frå Beitostølen vil då ha fall sørover. Det er sett av 1 mill. til planlegging av tiltaket i 2026 og 6 mill. til gjennomføring av tiltaket i 2027.

VA Nedrefoss - Rolandsgarden

Tilkoplingspunktet ved hovudleidningen frå Storefoss til Nedrefoss er tilrettelagd for å ta imot avløpsvatnet frå heile området mellom Rogne og Moane. Leidningen frå Rolandsgarden vert forlenga via Skattebu mot Nedrefoss reinseanlegget. Frå Rolandsgarden vil leidningen ha fall heilt til Nedrefoss. Det er førebels sett av 1 mill. i 2029 til planlegging av utbygginga.



VA-utbygging i hytteområda

For nokre område er det i arealdelen av kommuneplanen lagd til rette for auka hytteutbygging. Dette gjeld m.a. for områda Luskeråsen, deler av Gravfjellet og Javnlie. Auka utbygging av hytte i desse områda føreset utbygging av felles VA-anlegg slik at avløpet vert ført ut av området og til kommunalt reinseanlegg.

Refusjon VA-utbygging i hytteområda

I utbyggingsavtalar har kommunen gjort eller vil gjere avtale med utbygger om delfinansiering av utbygging av hovudleidning VA på strekninga Robølshøgda – Luskeråsen – Gravfjellet – Javnlie - Beitostølen. Vi har justert på grensesnittet mellom dei ulike utbyggingsprosjekta, utan å endre totalomfanget som ligg i handlingsplan for VVA. Dei årlege inntektene utbygginga gjev vil bli inntektsført i sjølvkost. Storleiken på inntektene er vanskeleg å budsjettere, sidan det er fullt avhengig av utbyggingstakten av områda.

VA Luskeråsen

Det er forventet utbyggingsaktivitet på Luskeråsen dei næraste åra, og det er aktuelt med eit samarbeidsprosjekt med utbygger for å få etablert nytt VA-anlegg. Pga. av fare for forureining av borebrønner i fjell, er felles vassforsyning frå Røyre vurdert som mest aktuelle fellesløyser. Det er registrert 126 separate avløpsanlegg, hovudsakleg jordhauganlegg, og 96 borebrønner i fjell. Med bakgrunn i m.a. ofte marginale infiltrasjonstilhøve og ofte omfattande sprekkssystem i berggrunnen, med fare for forureining av drikkevann, er mange av avløpsanlegga i risikoanalyse vurdert til høg risiko. I tillegg er det mange eksisterande hytter som kan koplest til eit nytt anlegg. Leidningen ned frå Luskeråsen til det eksisterande tilkoplingspunktet på Robølshøgda passerer hytteområda Bjødnahelet og Rolistølen som også kan koplest til på sikt. Prosjektet er førebels kostnadsrekna til 64 mill. kroner og vil bli planlagt i 2026/2027, med sikte på oppstart i 2028.

VA Gravfjellet

Den eksisterande leidningen på Robølshøgda kan forlengast mot Gravfjellstølen. Prosjektet er førebels kostnadsrekna til 35 mill. kroner. Prosjektet vil bli vidare planlagt i 2027 og gjennomført tidlegast i 2028. Det er sett av 33 mill. i økonomiplanperioden til denne utbygginga.

VA Javnlie

Vi vil revidere kommunedelplan for VVA før planlegging av VA Javnlie vert sett i gang. Det vert sett av 2 mill. i 2029 til planlegging av VA Javnlie.

Kommunale bygg

Nytt helsehus

Delar av helsetenestene har slitte lokale (helsestasjon) eller liten plass (legetenesta). Psykisk helse er lokalisert på kommunehuset og det er ynskje å samlokalisere dei med andre helsetenestene i eit helsehus. I 2023 greidde vi ut to alternativ for nytt helsehus:

- Samanbygging av Helsetunet med dagens legesenter/fysioterapisenter og med nybygg i retning dagens helsestasjonsbygning.



- Riving av dagens legesenter/fysioterapisenter, med nybygg i det området, som vert bygd saman med Helsetunet.

Det er gjort ei grov kostnadsvurdering av alternativa, som viser ein kostnad på 83 mill. eks mva for samanbygging med eksisterande legesenter og om lag 90 mill. for nytt helsehus i 2023-kroner. Då er ikkje kostnader til inventar, flytting av trafo eller mellombelse løysingar teke med. På dette stadiet i prosessen er usikkerheita i tala +/- 20%. I 2026 vil samla kostnad med nytt helsehus truleg passere 110 mill. kr.

I 2025 har vi greidd ut to alternativ for framtidig bruk av gamle sjukeheimen:

- Bufellesskap med møteplass
- Helsehus i kombinasjon med bueiningar i ein etasje.

Det er gjeve eit grovt kostnadsoverslag over alternativa. Å bygge om til bufellesskap, dvs. 23 bueiningar med fellesareal og møteplass for lokalsamfunnet, har ein stipulert kostnad på inntil 64 mill. kroner. Prisen på bueining varierer frå 1,2 – 4,0 mill. kr. Helsehus i kombinasjon med bueiningar har ein stipulert kostnad på 72,5 mill. kr. Eit alternativ for Gamle sjukeheimen er å selja eigedomen i marknaden.

Vi har også gjort ei vurdering av nytte 2. etasje i COOP-bygg til helsehus i kombinasjon med eksisterande lokale for legekontor, fysioterapi og ergoterapi. Coop Øst som eig Coop-bygget er open for å seksjonere bygget og selja 2. etasje til kommunen. Å ta i bruk delar av 2. etasje i Coop-bygget til helsehus i kombinasjon med å gradere opp eksisterande bygg for legekontor/fysioterapi er vurdert å vera ei god løysing for helsetenestene.

Vi har også behov for å auka kapasiteten for avlastingsbustader for barn og deira familiar. Husbanken gjev økonomisk støtte til bygging av avlastingsbustader.

Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen til kommunen og etter ei samla vurdering av alternativa for nytt helsehus er følgjande lagt til grunn:

- Det er i økonomiplanen 2026-2029 sett av 25 mill. kr. til overtaking og oppgradering av 2. etasje i Coop-bygget til m.a. helsestasjon og psykiske helsetenester, fordelt med 14 mill. i 2026 og 11 mill. 2027. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om kjøp av naudsynt areal frå Coop. Kommunestyret ber kommunedirektøren greie ut bruken av «restarealet» på ca. 170 kvm og kome tilbake til kommunestyre med ei sak om det.
- Det er sett av 5,4 mill. i 2027 for planlegging og utbygging av avlastningsbustader. Kommunedirektøren vurderer konkret utbyggingsløyse som del av økonomiplanen 2027-2030.
- Det er sett av 1,8 mill. til riving av eksisterande helsestasjonsbygning i 2027, som ein del av prosjektet med å utvide og oppgradere areala for legeteneste/fysio/ergo.
- Det er sett av 10,0 mill. kr til utviding og oppgradering av areala for legekontor, inkl. fysio/ergo i 2028.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram ei sak for politisk handsaming om eventuelt sal av Gamle sjukeheim.

Utbygging eller kjøp av kommunale bustader

Kommunen deltek i prosjektet Bustad for velferd Innlandet, der vi m.a. ønskjer å bidra til ein stabil og god bustadsituasjon for dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Vi vil utnytte Husbanken sine bustadsosiale verkemiddel betre enn vi har gjort. Eit aktuelt verkemiddel er "frå leige til eige", at



innbyggjarar som i dag leiger bustad gjennom husleigebetalinga etter kvart kan overta bustaden til eige.

Kommunestyret har i 2023 gitt fullmakt til kommunedirektøren å kjøpe inntil 5 bueiningar i Heranglie bustadfelt til kommunale bustader eller til bustader frå leige til eige, og det er inngått avtale med utbyggar om det. Utbygginga er diverre ikkje kome i gang som følgje av manglande bankfinansiering hjå utbyggar.

Kjøp av eigedom

Formannskapet har gitt fullmakt til kommunedirektøren å kjøpe eigedom sentralt i kommunen. Eit ev. kjøp vil truleg bli gjennomført i 2026. Det er sett av 1,7 mill. til kjøp av denne eigedomen. Kostnadene ved kjøpet vert i det vesentlege dekkja gjennom leigeinntekter.

Skoltefoss kraftstasjon

Skoltefoss kraftstasjon fekk store skadar av uværet Hans i 2023 og kraftverket har vore ut av produksjon sidan. Vi har fått 5,668 mill. i støtte frå Kommunal- og regionaldepartementet til oppattbygging av kraftstasjonen. I tillegg vil forsikringa dekkja ein del av kostnadene. Det vart sett av 3,5 mill. i 2025 til førebuing av rehabiliteringa, og desse midla er brukt.

Vi har vurdert i kva grad vi skal rehabilitere kraftverket. Full rehabilitering av kraftverket, slik at verket skal motstå ein 200-årsflaum, er kostnadsrekna til vel 19,2 mill. + mva. Kommunen sin investeringskostnad vil vera ca. 10 mill. + mva. Kraftprisprognosar tilseier at produksjonen vil gje kraftinntekter som forsvare dei auka kapitalkostnadene.

Det er sett av 6,5 mill. i kommunale midlar til full rehabilitering av kraftstasjonen i 2026. Estimert driftssetjing av verket er p.t. november 2026. Investeringa vil bli finansiert med auka kraftinntekter.

Ny brannstasjon

Som følgje av utbygginga av fleire hytter og leilegheiter på Beitostølen har vi behov for auka kapasitet på brannstasjonen. I tillegg er det HMS-krav som i dag ikkje fullt ut vert ivaretekne. Vi vil i 2027 greie ut kor brannstasjonen skal byggast og kostnadene ved det. Det vert sett av 16 mill. til tiltaket i økonomiplanperioden.

Nytt taktekke kommunehuset

Delar av taket på kommunehuset er lekk, noko som kan føre til råte og dårleg inneklima. Det vert sett av kr 350.000 i 2026 til å legge nytt takdekke på den delen av taket som er lekk.

Varmepumpeanlegg administrasjonsbygg Løken

Etter omlegging av energiløysinga på ØSUS er det ei varmepumpe frå 2021 som ikkje lenger er i bruk. Denne vil vi montere i administrasjonsbygget på Løken. Investeringskostnad vil vera på 930`. Vi vil venteleg redusere energiforbruket med 93.000 kWh årleg, og spare inn investeringa etter 7-11 år, avhengig av kraftprisen. Dei auka kapitalkostnadene som følgje av investeringa vil bli dekkja gjennom leigeinntekter mv. frå bygga på Løken.



Uteområde, friområde og bustad- og næringsområde

Opparbeiding av næringsområde

Vi har kjøpt areal for utviding av næringsområdet på Raudbrøtmoen, og varsla oppstart av reguleringsplan for det området. På bakgrunn av vedteken reguleringsplan vil vi opparbeide arealet og gjere det klart for sal av næringstomter. Det vert sett av 4 mill. til denne opparbeidinga i 2026, finansiert over inntektene frå eigedomsskatt.

Vi vil også opparbeide næringsområdet på Mørken i samsvar med vedteken arealplan og etter at området er regulert. Det er sett av 4 mill. til dette tiltaket i 2028, finansiert over inntektene frå eigedomsskatt.

Uteområde på Rogne skule

Vi har i 2025 gjennomført eit forprosjekt for uteområdet ved Rogne skule. Forprosjektrapporten viser aktuelle tiltak på kort sikt og aktuelle tiltak på lang sikt. FAU ved Rogne skule har sagt seg villig til å gjennomføre tiltak på dugnad og til å søkje om ekstern finansiering frå stiftingar og bankar mv. Det vert sett av ei økonomisk ramme for kommunen for gjennomføring av fleire av dei kortsiktige tiltak i 2026 på kr 450.000. Tilskotsmidlar kan kome i tillegg. Vurdering av meir langsiktige tiltak vil bli gjort etter at vurdering av skulestrukturen er ferdig i løpet av 2026.

Uteområdet på ØSUS

Uteområdet på ØSUS treng å rustast opp. Tiltaket er forankra i oppvekstplanen. Utbygginga starta opp i oktober –25 og skal etter planen bli fullført i løpet av sommaren –26.

Friområdet på Furustrand

Vi har laga ein plan for vidareutvikling av Furustrand som friområde. Planen har bakgrunn i mogleighetsstudien for Heggenes-Tingvang frå 2020, og bygger på innspel frå innbyggjarar, lag og organisasjonar. Den omfattar etablering av turveg frå Heggenes sentrum til Furustrand, etablering av dagsturhytte, rehabilitering av eksisterande funksjonar og nye anlegg for aktivitet og friluftsliv. Målet med utviklinga er å auke bruken av Furustrand ved å legge til rette for at området kan nyttast av personar i alle aldersgrupper ein større del av året. Det vert lagt vekt på universell utforming for at flest mogleg skal kunne nytte seg av tilboda. I 2024 vart turvegen og dagsturhytta etablert og i 2025 vart ny tilkomstveg med fortau etablert og resten av utbygginga vart detaljprosjektert. Prosjektet vert finansiert med spelemidlar, stønad frå stiftingar og egne midlar.

Vi planlegg å ferdigstille prosjektet i 2026, og nytte resten av tidlegare vedteken ramme. Det vert i 2026 sett av 5,68 mill. til tiltaket. Kommunen får mva-kompensasjon (ca. 1,14 mill.). Tilskot inn er budsjettert med 2,24 mill. i 2026. Kommunen sin eigenfinansiering for prosjektet, 2.317, blir finansiert av eigedomsskatteinntekter til nærings- og utviklingsføremål i 2026, jf. oversikt i vedlegg.

Fleirfunksjonstrase Stølsli - Garli

I sti- og løypeplan og i utkast til revidert arealplan er det lagd inn etablering av ein fleirfunksjonstrase frå Beitostølen Stadion til Garli. Tiltaket er grovt kostnadsrekna til 5,5 mill. kroner. Tiltaket vert finansiert med spelemiddel, midlar frå eigedomsskatt og tilskot frå utbyggingsavtalar. Planlegging av fleirfunksjonstrase vil bli gjennomført etter vedtak av revidert arealplan.



Kjøp og sal av tomter for bustadutbygging og næringsføremål og innløyasing av festekontraktar

Kommunen vil kjøpe private eigedomar for å kunne planlegge og bygge ut Solhauglie III i ei samla utbygging. Vidare vil kommunen løyse inn festekontraktar og andre leigeavtalar og grunn for eigedomar som varig vil bli nytta til kommunale føremål, eller til private bustader der kommunen er framfestar. Kommunen skal ifølgje samfunnsdelen av kommuneplanen ha tilstrekkeleg med regulert næringsareal for sal. På bakgrunn av vedteken arealdel vil vi starte kjøp av grunn til nytt næringsområde ved Mørken.

Det vert lagt inn 2 mill. 2026 og 2027 til dette føremålet. Kjøp og opparbeiding av bustad- og næringsareal skal vera sjølvfinansierande gjennom framtidig sal av areala. Omfanget av tomtosal varierer, og difor vanskeleg å budsjettere. Det er lagd inn ei årleg forventa salsinntekt for tomter på kr. 1,0 mill. i økonomiplanperioden.

Nærmiljøanlegg Heranglie

I reguleringsplanen for Heranglie er det lagt inn eit nærmiljøanlegg. Vi vil bygge dette anlegget når det er gitt ferdigattest på 5 bueiningar, men det er usikkert når det skjer. Det er førebels sett av 1,5 mill. til tiltaket i 2029. Tiltaket kan delfinansierast med spelemiddel.

Opprusting av nærmiljøanlegg i Løkjisskogen

Løkjisskogen vel har teke initiativ til eit samarbeid med kommunen om opprusting av nærmiljøanlegg/balløkke i Løkjisskogen. Anlegget er kommunalt og ein del av fellesarealet i bustadfeltet. Løkjisskogen vel ønsker å byte ut eksisterande masser og etablere nye soner for leik, ballspel og sosiale møte mellom menneske, med tilhøyrande aktivitetsutstyr. Velet har laga ein prosjektplan med ei kostnadsramme på kr 588` inkl- mva. Prosjektet vert finansiert med spelemidlar, støtte frå stiftingar, dugnadsinnsats frå velet og mva-kompensasjon. Dersom finansieringa kjem i orden, gjennomfører kommunen tiltaket i 2026 i samarbeid med styret i velforeininga.

Kommunale vegar, fortau mv.

Beitostølen sør – vest

I området mellom Beitovegen og skistadion på nedsida av fv. 51 er det gjennom ei rekke reguleringsplanar og utbyggingsavtalar vedteke utbygging av kommunal infrastruktur eller infrastruktur som naturleg knyter seg til kommunal infrastruktur. Ein del av tiltak som skal gjennomførast kan delfinansierast med midlar som er eller vil bli betalt inn etter inngåtte utbyggingsavtalar.

I økonomiplanperioden vert følgjande tiltak gjennomført:

- Oppgradering av Tjednbakkvegen frå krysset ved Kiwi, inkl. utbygging av fortau ned til Beitostølen skistadion, med ein budsjettert kostnad på kr. 16,3 mill.. Utbygginga starta opp i oktober 2025 og skal etter planen vera ferdig i 2026.
- Oppgradering av Finntøppvegen inkl. turveg/skiløype langs vegen og ny tilkomst til hytter i Solbakkin, med ein budsjettert kostnad på kr. 28,8 mill. I tillegg kjem omlegging av VA-anlegg på 5,4 mill. kroner.
- Fortau/sykkel og gangveg langs Beitestølsvegen til ny skibru, med ein budsjettert kostnad på kr. 6,9 mill.



Samla kostnadsoverslag for desse tiltaka er 50,3 mill. Etter overføring av unytta ramme med 5,2 mill. frå 2025, er rest budsjett 43,497 mill. Dette er i økonomiplanen fordelt slik: 9,497 mill. 2026, 13,4 mill. 2027, 13,7 mill. 2028 og 6,9 mill. 2029.

Tiltaka vil bli finansiert med tilskot frå utbyggingsavtalar (5 mill. i 2025), og eigedomskatt til næringsføremål med 2 mill. i 2025 og totalt 17,6 mill. i planperioden (7 mill. 2026, 6,6 mill. 2027, 2 mill. 2028 og 2 mill. 2029). Resten vil bli forskottert med andre kommunale midlar.

Nytt fortau frå Bygdinvegen til Helsetunet/torget

Det er ikkje etablert eit gang samband frå gang- og sykkelvegen langs Bygdinvegen inn til Helsetunet/torget. Innlandet Fylkeskommune vil i 2025 eller 2026 etablere fotgjengarovergang inn mot Helsetunet. Vi vil i 2027 bygge fortau mellom Helsetunet og ny fotgjengarovergang, slik at vi får eit trygt gang samband på denne strekninga. Det er sett av 275' til tiltaket i 2027, finansiert med inntekter frå eigedomsskatten.

Omlagging ved Åsvegen og tilrettelegging av løypetrase

Det er behov for å flytte Åsvegen for å få plass til regulert skiløype, inkl. flytte av nokre private VA-leidningar. Vi vil kostnadsrekne tiltaket i 2027, med sikte på å leggje det inn i økonomiplanen for 2028 – 2031.

Finansiering beskriving

Som det går fram av løyvingsoversikt etter § 5-5 første ledd under "Budsjettvedtak, blir investeringane, etter fråtrekk for mottak av mva-kompensasjon og investeringstilskott frå andre, i all hovudsak finansiert av lån frå bank.

Enkelte investeringar er finansiert heilt eller delvis av overføring frå drift. Det gjeld bruk av eigedomsskattemiddel til nærings- og utviklingsformål, som er nærare spesifisert i vedlegg til økonomiplanen (med 12.867`, 12.925`, 7.050` og 1.921` i denne planperioden). Inklusivt i desse tala er finansiering på 950` i 2026-2028 ved tilbakebetaling av langsiktig utlån, desse midla skal tilbakeførast til eigedomsskattefondet.



Kap. 6 Grunnlaget for driftsbudsjettet

Kap. 6.1 Forutsetningar som er lagt til grunn i drift

Vesentlege delar av driftsbudsjettet er basert på eksterne vedtak, prognoser og vurderingar. Nedanfor følgjer informasjon om nokre av dei viktigaste forutsetningar vi har lagt til grunn i driftsbudsjettet:

Inntekter:

- Skatt på inntekt og formue for 2026 er basert på prognoser frå KS sin prognosemodell etter statsbudsjettet som er vedteke for 2026. KS presiserer at skatteoverslaget er usikkert for 2026 etter omlegging av inntektssystemet og manglande erfaringstal. Inntektene er justert for oppgaveendringar som i all hovudsak vart vedteke for 2025, men med oppjusterte prisnivå og heilårseffekt. Skatteinntektene vil vera avhengig av skatteinntektene i eigen kommune og skatteinntektene nasjonalt. Skatteinntektene i eigen kommune vil bli påverka av endring i folketal og aktiviteten i næringslivet.
- Rammetilskotet frå staten er auka i samsvar med forutsetningane i KS sin prognosemodell. Skatt og rammetilskot til saman viser ein auke på ca. 21,8 mill.kr. Storleiken på rammetilskotet blir påverka av endringar i folketalet og demografien (utgiftsutjamninga). For folketal har vi lagt til grunn KS sin prognose: 3338 per 1.1.2026 og 3329 per 1.7.2026 (same som 1.7.2025).
- Generelt er inntekter auka med den kommunale deflatoren for 2026 (3,5%). Dette gjeld ikkje sjølvkostområda, der auken er avhengig av kostnadskalkylene.
- Inntekter frå skatt, rammetilskot og andre driftsinntekter er ikkje auka utover i økonomiplanperioden. Det er heller ikkje utgiftsnivået.
- Eigedomsskatt-inntekter er avhengig av takstnivået og skattenivået. Skattesatsen for bustad og fritidsbustad er vidareført med 4 promille. Skattetaksten på energianlegg og næring blir vidareført med 7 promille. Eigedomsskatt for kraftverk, bustader og fritidsbustader er budsjetttert ut frå prognoser per september 2025. For bustader og fritidsbustader forventar vi ein liten auke for 2026 med bakgrunn i dei nye objekta vi har fått inn per sep-25.
- Vi har lagt til grunn eit kraftforvaltningsresultat inn i drifta på 8,07 mill. i tråd med KS-34/22. Nettoinntekter ut over dette skal avsetjast til kraftfond. Vi har med bakgrunn i erfaringar budsjetttert eit overslag for avsetning til kraftfond med 3,2 mill., som økonomiplanen for 2025-2028.

Lønn:

- KS/SSB sine prognoser for årslønsvekst for 2026 på 4,0%, er lagt til grunn.
- Alt som gjeld tenesteområda er fordelt ut på tenesteområda, med unntak av forventta lønsauke i 2026, som er budsjetttert sentralt under kommunedirektøren - felles. Delar av pensjon (premieavvik og premiefond-endringar) er også budsjetttert sentralt.
- Lønsbudsjettet er framskrive ut frå stillingsheimlane inkl. endringar som følge av endra brukarmasse, vedtak om spesialpedagogiske tiltak mv. som er kjent per oktober 2025. Det er lagt inn enkelte nye årsverk som følgje av lovpålagte tenester eller prosjekt (finansiert av tilskot mv.).
- Variabel lønn 2026 er generelt budsjetttert med snittet av 2025-budsjettet og prognose for rekneskapen for 2025. Førresetnad i økonomiplanen for 2025 om innsparing eller tilsetjing er vidareført.
- Pensjon er budsjetttert i tråd med prognosar frå KLP og SPK per september 2025.



Løken:

- Vi har lagd til grunn at inntekter og utgifter knytt til drift av Løken gard går i null for kommunen, ved at Nasjonalt senter for fjellandbruk etter avtale betaler ei leige som svarar til det som manglar for å finansiere utgiftene ved Løken.

Flyktningøkonomi:

Vi har i budsjettet lagt til grunn følgjande:

- 25 nye flyktningar til Øystre Slidre kommune i 2026 og kvart av åra i økonomiplanperioden, av det 5 einslege mindreårige flyktningar. Budsjettet for 2026 er utarbeidd på grunnlag av erfaringar hittil. Det inneheld vesentlege inntekter (tilskot frå staten), og vesentlege utgifter som introduksjonsstønad og sosialstønad, stillingar, vedlikehald og utstyr, tenester (tolk mv.), klargjering av bustader mv., leie av bustader på vent. Ekstraavgifter er det lagt opp til å finansiere av integreringstilskot. Utgiftene ligg budsjetttert på dei tenestene vi reknar med at får dei, medan integreringstilskotet og ev. avsetning / bruk av fond frå 2026 ligg under sentralt område. Basert på budsjettestimata har vi avsett 1 mill. av integreringstilskotet til fond kvart år.
- Den avsetninga som står frå tidlegare og auken i økonomiplanen 2026-2029 bør stå og vil etter vår vurdering vera nødvendig for å kunne finansiere oppgåver og kostnader knytt til flyktningar for behov etter at tilskotsperioden er over, og til dekning av etterkostnader for flyktningverksemda (t.d. leie tomme bustader, nødvendig vedlikehald etter bruk mv.). Ordinære utgifter til skule, helse mm. blir i hovudsak dekt av auka rammetilskot og skatteinntekter i tråd med folketalsutviklinga.

Andre driftsutgifter mv.:

- Der auke /nivå på budsjettpostar er vedtekne frå eksternt hald, inkl. interkommunale selskap og samarbeid, har vi lagt inn budsjettjusteringa på relevant post på tenestemåda.
- Straumkostnader er lagt på litt høgare nivå enn 2025, då vi ser at prisane har auka meir enn det som vart lagt til grunn i budsjettet 2025, samstundes som vi reknar med innsparingar etter nytt varmelegg ved Tingvang og ØSUS, og Norgespris på bustader.
- Av inntektene frå eigedomsskatt er det lagt inn bruk til nærings- og utviklingsformål som vist i vedlegg.
- For interkommunale tenester og enkelte andre faste avtaler, har vi budsjetttert prisvekst på aktuell tenestemåda. For andre kostnadspostar er det budsjetttert generell prisvekst sentralt under kommunedirektøren med 2,8%, som er elementet for prisvekst for varer og tenester i den "kommunale deflatoren» som er fastsett i statsbudsjettet for 2026.

Finans:

- Renteavgifter og avskrivning er rekna ut med bakgrunn i eksisterande investeringar, lån og investeringsbudsjett i økonomiplanperioden. Vi har lagt til grunn rentesats i planperioden på 4,67%, 4,51%, 4,48% og 4,48% i planperioden (mot 4,88%, 4,1%, 3,7% og 3,9% for 2025-2028 i fjorårets økonomiplan). Grunnlaget er Kommunalbanken og/eller Norges Bank sine sist publiserte budsjettrenter. Vi har lagt til grunn at lån blir teke opp i 2. halvdel av året.
- Nytt med verknad frå 2026 er at maksimal avskrivningstid blir auka på investeringar innan vatn og avløp, og som følgje av det har vi redusert årleg avdrag. Ifølgje budsjett- og rekneskapsforskrifta og sjølvkostforskrifta blir maksimal avskrivningstid for leidningsnett auka frå 40 til 80 år. Vi har i tråd med forskriftsendringa revurdert og forlenga avskrivningstida for investeringar i leidningsnett som vart gjort i 2025 og tidlegare, innanfor maksimal avskrivningstid på 80 år, og for investeringar i reinseanlegg, pumpestasjonar og høgdebasseng som vart gjort i 2019 og tidlegare, innanfor maksimal avskrivningstid på 40 år.
- Renteinntekter er budsjetttert i forhold til forventa innskott i bank og budsjettrenter av 22.9.2025 frå Norges Bank, og forventa renteinntekter på ansvarleg lån og startlån-utlån.



Bruk og avsetjing til fond:

- Sjølvkostområda er budsjettert i null med saldering mot sjølvkostfond. Det omfattar områda vatn, avløp, renovasjon, feiing, byggjesak og private planer, spreidd avløp og oppmåling. Desse områda skal ha full kostnadsdekking av gebyr, inkl. den delen av renter og avdrag som er knytt til sjølvkostområda.
- Andre bundne inntekter, som øyremerka tilskot og tilhøyrande ekstra kostnader og avsetjingar, er i liten grad innarbeida i økonomiplanen. Det er berre gjort i den grad kommunen har fått tilsegn på middel, og eigne tilsette skal utføre prosjektet.
- Vi budsjetterer med bruk og avsetjing til disposisjonsfond eigedomsskatt næring i tråd med KS-58/22.

Kap. 6.2 Økonomiske utfordringar i planperioden

Den økonomiske situasjonen for kommunen er krevjande. Vi har drege med oss ein ubalanse i drifta frå tidlegare år med 6,8 mill. Kommunestyret har lagt vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomisk ramme for tenestene i kommunen og valde i fjor å ikkje kutte vesentleg i tenestene.

Tiltaka som vart vedteke i økonomiplanen 2025-2028 er innarbeida i denne økonomiperioden, inkl. dei tiltaka som det vart vedteke at skulle i kraft frå og med 2026 eller seinare i planperioden. Det tiltaket som har størst beløpsmessig betydning for å balansere planperioden, er auke av eigedomsskatt frå og med 2028. Eigedomsskattetaksten skal i tråd med regelverket stå fast i 10 år, og kommunen kan omtaksere i 2027 med verknad for 2028, for å koma ajour med prisvekst i dei 10 åra som har gått sidan sist taksering. Det er lagt inn 800`+ 300` til omtakseringsutgifter i 2026-2027, og auka inntekter med 9 mill. i 2028 og framover, basert på gjennomsnittleg prisstigning siste 10 år for dei bygga som var med i taksering i 2017. Budsjetttrammene er også endra frå 2025 til 2026 med ei rekke konsekvensjusteringar som er gjort greie for i økonomiplan-notat nr. 3 – 5, og vedtak kommunestyret har gjort gjennom 2025.

På enkelte område blir driftskostnadene auka meir i 2026 enn ordinær prisvekst og det kommunen blir kompensert gjennom rammetilskotet. Spesielt gjeld det pensjon, der kostnadene aukar med 7 mill. meir enn ordinær lønnsvekst skulle tilseia. Størstedelen av auken kjem som følge av omlegging av pensjonsordninga, og er kompensert gjennom statsbudsjettet / auka rammetilskot (ca. 3,9 mill.). Resterande 3,1 mill. har auka underbalansen til kommunen ytterlegare.

Bruken av oppsparte midlar i økonomiplanperioden tærer sterkt på reservane til kommunen. Med bakgrunn i dette er investeringsplanen for "generaløkonomien" i økonomiplanen for 2026-2029 halde på eit lågt nivå og gjev reduserte kapitalutgifter. Det er planlagt store investeringar på sjølvkostområda vatn og avløp, noko som inneber at sjølvkostområda får høgare kapitalkostnader framover. I og med at sjølvkostområda skal vera 100% finansiert av gebyr over tid, er desse områda saldert i null i budsjettet mot gebyrinntekter og eigne bundne sjølvkostfond.

Underdekninga etter dette var 9,5 mill. for 2026, og for påfølgande år 8,2 mill., 4,1 mill. og 2,5 mill., før tiltak for å balansere budsjettet vart sett inn og endeleg statsbudsjett vart vedteke (jf. ØP-notat 6 og vedtak i kommunestyret).



Foto: Jostein Aanestad

Kap. 6.3 Nye styrkingstiltak og tiltak for å balansere budsjettet

Av omsyn til den økonomiske situasjonen er det i framlagt økonomiplan for 2026-2029 lagt inn følgjande prioritering og innsparingar som vist nedanfor:

Det er prioritert følgande styrking:

- Digitale hjelpemiddel for sjølvhjelp innan psykisk helseteneste med 31`.
- Skulene med 200` kvart år i planperioden; til reiser og lærebøker.
- Toppbemanning barnehage (kjøkkhjelp) med 80` årleg med verknad frå aug-26 (ut over årleg øyremarka tilskot til same føremål, anslagsvis 318`).
- Kulturskulen - samspel folkemusikk med 21` og kjøp av lærarar frå andre kommunar med 63` årleg.
- Sommarjobb ved Furustrand i 2026 med 60`.


Økonomiplanen er balansert ved:

- Redusere bemanning innanfor grunnskulen – 1.600` årleg, med verknad frå august 2026.
- Redusere bemanning innan reinhald – 537` årleg, med verknad frå februar-26/jan-27.
- Redusere bemanning utanfor skulesektoren - 463` årleg, med verknad frå august-26.
- Auka inntekter ved ny vegavtale Skiferbrotet og utleige hytta på Bjødnhølen - til saman årleg 120`.
- Reduksjon av matbudsjett SFO ved innføring av matpakke; - 50` årleg, med verknad frå august 2026.
- Redusere løyving til kontrollutvalet for forvaltningsrevisjon, årleg kr. 180`.
- Bruke av disposisjonsfond dei fyrste to åra med 6.273` og 3.473`, deretter føre tilbake til fondet 943` og 2.112`.



Kap. 7 Økonomisk utvikling i planperioden

Netto driftsresultat




Vi klarer ikkje å halde kommunen sin handlingsregel for 2026. For dei påfølgande åra er det eit netto driftsresultat som tilfredsstiller handlingsregelen. Hovudårsak til det er forventa betre resultat innanfor sjølvkost fyrste åra, og forventa auka inntekter eigedomsskatt frå 2028.

Disposisjonsfond (frie driftsfond) i % av brutto driftsinntekter

Kommunen har som handlingsregel at disposisjonsfonda utanom kraftfond skal utgjera minst 15% av sum driftsinntekter. Nedanfor ser vi utviklinga i disposisjonsfond (fri eigenkapital drift) utanom kraftfondet. Kommunen ligg vesentleg under handlingsregelen. Kommunen manglar 40-50 mill. på fond i forhold til handlingsregelen.

I åra 2026 - 2027 planlegg kommunen å tære på disposisjonsfond. Ein vesentleg del av bruken av fond er som følge av at utgiftene er større enn inntektene i generaløkonomien. Dette vil etter planen rette seg frå 2028, bl.a. med forutsetninga om auka inntekter frå eigedomsskatt.



Disposisjonsfonda utanom kraftfondet består av ordinært disposisjonsfond, eidegdomsskattefond (til bruk for næringsutvikling mv., jf. oversikt i vedlegg) og flyktningefond. Til fråtrekk kjem negative fond for sjølvkostområda (jf. oversikt under tekniske tenester).

Kommunen sitt kraftfond har eigen handlingsregel. I gjeldande kraftreglement (KS-34/22) vart det vedteke at kraftfondet ikkje skal nyttast inn i drifta før det har nådd 53 mill.+ indeksregulering (estimert til 61,7 mill. i 2026), med unntak av eit fast beløp (vel 8 mill. i 2026-kroner) som skal budsjetterast inn i drift. Det vart bestemt å bygge opp kraftfondet, for å ta høgde for den høgare risikoen kommunen har ved gjeldande forvaltningspraksis. Nettoinntekter frå kraftområdet kan svinge mykje frå år til år, og enkelte år kan det bli negativt.

Nedanfor ser vi utviklinga i behaldninga på dei ulike disposisjonsfonda til kommunen i planperioden:




	Saldo 31.12.24 R	Saldo 31.12.25 P	Saldo 31.12.26 B	Saldo 31.12.27 B	Saldo 31.12.28 B	Saldo 31.12.29 B
Fri egenkapital drift						
Fri egenkapital drift med ordinær handlingsregel	65 750	45 744	38 292	30 488	36 856	49 375
Disposisjonsfond	33 127	26 300	20 027	16 554	17 497	19 609
Disposisjonsfond eideomsskatt	16 006	17 240	11 428	5 956	10 683	20 392
Disposisjonsfond flykningtenesta	8 897	10 017	11 017	12 017	13 017	14 017
Disp fond (neg) sjølvkost	-1 331	-7 813	-4 180	-4 039	-4 341	-4 643
Disposisjonsfond kraftsal	8 150	23 351	26 552	29 753	32 954	36 155

Disposisjonsfondet som blir nytta til saldering av økonomiplanen, vil i løpet av planperioden bli redusert med netto totalt 6,7 mill.

Det er budsjettert ein auke på dei andre disposisjonsfonda.

Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter



Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsplikter) etter fråtrekk av totale utlån og unytta lånemiddel. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av eigne middel). Dette nøkkeltalet er valt fordi det viser renterisikoen for kommunen. Vi må betale renter og avdrag av totale lån, men det er renteinntekter på utlån, og vi skal normalt ha lite ubrukte lånemiddel, då vi skal trekke frå desse når vi tek opp nye utlån (jf. finans- og gjeldsreglementet).

Som vi ser ovanfor er vi i planperioden innanfor kommunen sin handlingsregel om at netto lånegjeld for generaløkonomien skal ligge under 50% av sum driftsinntekter.

Løyving til tenestene

Det er ved ØP-26 gjort tekniske flyttingar av budsjettpostar frå tenesteområda til sentralt fellesområde. Det gjeld inntekter i form av integreringstilskot og bruk av flyktningfond med totalt 24,8 mill.. Effekten er at netto budsjetttramme på dei aktuelle tenesteområda jf. løyvingsoversiktene aukar frå 2025 til 2026. Det er også gjort enkelte flyttingar mellom tenesteområda, spesielt gjeld det inntekter i form av eigenbetaling og refusjonar som er flytta frå skuler og barnehagar til felles opplæring og kultur, og enkelte mindre flyttingar av årsverk i samband med omorganisering.

Korrigerer ein for flyttingar til sentralt område (24,8 mill.) og estimert løns- og prisvekst (10,2 mill.), får vi ein reell auke i budsjetttramme til tenesteområda på ca. 10,1 mill. (som vist nedanfor).

Hovudgrunnane til auka budsjetttramme for tenesteeiningane er auka pensjonskostnader ut over ordinær lønnsstigning og reduserte inntekter (gjesteelevar, legetenesta, ressurskrevjande brukarar mv.). Reelle budsjettendringar er kommentert under det enkelte tenesteområde.

Løyvingsoversikt drift § 5-4 andre ledd	Opph. budsjett 2025	Budsjett 2026	Endring budsj ramme	Reell endring budsj ramme	Løns- og prisvekst est 3,5%	Flyttingar (inntekter mv.)	Til sentralt fellesområde
Politisk leiding og kontrollorgan	3 059	3 412	353	246	107		
Kommunedirektør felles	8 502	10 056	1 554	1 256	298		
Stab	18 531	19 955	1 424	575	649	200	-200
Felles opplæring og kultur	6 867	1 905	-4 962	-2	240	-5 200	
ØSUS	15 720	18 012	2 292	1 245	550	497	-497
Rogne skule	17 827	18 677	850	-289	624	515	-515
Lidar skule	16 989	21 942	4 953	1 166	595	3 192	-492
Rogne barnehage	14 880	17 471	2 591	-730	521	2 800	
Beito barnehage	7 536	7 056	-480	-744	264		
Private barnehagar	6 324	6 324	-	-221	221		
Kulturavdelinga	9 994	10 785	791	441	350		
Integreringstenesta	-	16 897	16 897	-	-	16 897	-16 897
Felles helse og omsorg	22 780	28 880	6 100	-1 662	797	6 965	-7 265
Helse og tilrettelagde tenester	39 858	43 926	4 068	2 203	1 395	470	-470
Førebygging og meistring	39 523	39 735	212	-1 256	1 383	85	-85
Institusjonstenester	36 449	37 094	645	-631	1 276		
Felles tekniske tenester (ikkje i bruk)	118	-	-118	-240	4	118	
Teknisk drift	39 660	39 338	-322	-2 792	1 388	1 082	-1 082
Næring plan og byggesak	11 975	14 072	2 097	1 796	419	-118	
Kraftforvaltning	-11 021	-11 725	-704	-318	-386		
Ramme, skatt, intergreringstilskott	-	-2 747	-2 747	-	-	-2 747	2 747
Renter og avdrag	-	-	-	-	-		
Pensjon, finansiering mv. felles	-13 109	-3 452	9 657	10 116	-459		
Sum løyvingar drift, netto	292 461	337 610	45 149	10 157	10 236	24 756	-24 756
Av dette:							
Netto renter	-55	-	55	2	-2	55	-55
Avsetning/bruk bundne fond	17 339	17 496	157	-450	607		
Avsetn.til disp fond	1 120	-	-1 120	-39	39	-1 120	1 120
Korrigert sum løyvingar drift, netto	274 057	320 114	46 057	10 644	9 592	25 821	-25 821



Kap. 8 Kommunen sine tenesteområde

Kap. 8.1 Kommunedirektør - fellesområde

Samandrag budsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.bud	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Politisk leing og kontrollorgan	3 150	3 059	3 059	3 412	3 392	3 332	3 332
Kommunedirektør felles	2 589	8 502	8 502	10 056	9 970	9 907	9 947
Stab	17 687	18 531	18 471	19 955	19 864	19 864	19 864
Kraftforvaltning	-12 309	-10 920	-22 920	-11 774	-12 117	-12 099	-12 084
Ramme, skatt, intergreringstilskott	-292 774	-310 540	-311 080	-360 501	-360 501	-369 501	-369 501
Renter og avdrag	17 704	23 683	18 409	18 412	18 570	18 053	17 746
Pensjon, finansiering mv. felles	-19 272	-18 814	-1 540	-3 286	492	9 232	10 254
Sum	-283 226	-286 499	-287 099	-323 726	-320 330	-321 212	-320 442

Budsjettendringar:

Nedanfor følger omtale av dei viktigaste endringane i budsjettet.

Politisk leing og kontrollorgan:

- Pensjonsposten er auka, etter at denne ved ein feil ikkje låg inne på dette tenesteområdet i budsjettet for 2025.
- Med bakgrunn i tiltak i økonomiplanen for 2025 er det lagt til grunn ein reduksjon i talet på kommunestyrerepresentantar frå 2027-2028 (-20`/-80`). Tiltaket må opp som eigen sak i 2027.

Kommunedirektør - felles:

- Budsjettert lønnsvekst for kommunen i 2026 er budsjettert med ca. 1,7 mill. meir enn tilsvarande post i budsjettet for 2025.
- Lønnskostnadene i drift er redusert, med bakgrunn i at ein tilsett arbeider delvis med investeringsprosjekt og del av lønna blir belasta investeringsregnskapet i staden for drift.
- Lønnskostnadene er redusert etter nytt innsparingstiltak å redusere bemanninga i kommunen utanom områda skule og reinhald, der tiltaka er spesifisert i budsjettet. Tiltaket er plassert under kommunedirektøren inntil det er avgjort kvar i organisasjonen tiltaket blir gjennomført.



Stab:

- Lærling auka med nær 0,5 mill. meir enn lønnsvekst (opp igjen etter nedtaket i budsjettet for 2025).
- Bemanning på økonomiavdelinga redusert med verknad frå 2.kvartal 2026 (vel 0,5 mill.), ei vidareføring av tiltak i økonomiplanen for 2025-28.
- Lisensar til systemet Framsikt er teke ut med verknad frå mars 2026 (ca. 0,3 mill.). Etter ei samla vurdering vil vi kutte ut systemet og greie oss med oppgradert økonomisystem og andre verktøy kommunen har tilgjengeleg.

Kraftforvaltning:

- Utbytteinntekter frå kraftsektoren og netto inntekter frå kraftsal er med i driftsbudsjettet i tråd med KS-34/22.
- Rehabilitering av Skoltefoss kraftverk aukar kapitalkostnadene (som ligg på sentralt område), og dette er finansiert ved auka kraftinntekter, ca. 0,4 mill. i 2026, deretter vel 0,7 mill. årleg.

Ramme, skatt og integreringstilskot:

- Skatte- og rammeinntekter er auka med ca. 21,8 mill.
- Integreringstilskott mv. er redusert med ca. 900` til 28,1 mill. (og flytta hit frå Integreringstenesta)

Pensjon mv. felles:

- Netto inntekter er redusert med 9,7 mill. på fellesområdet, frå 13,1 mill. til 3,5 mill. Posten har vore høg siste par åra som følge av at vi har brukt av premiefondet til å betale pensjon. I 2026 og ei stund framover vil vi bruke mindre premiefond, etter ei vurdering av at det samla sett er mest lønsamt for kommunen.

Samla pensjonskostnad består av ein del som er betalt premie til KLP og SPK, og som blir fordelt ut på tenestene, og ein del "premieavvik" som blir inntektsført sentralt.

Inntektsføringa er i tråd med kommunelova sine reglar for rekneskapsføring av pensjon. Kort fortalt kostnadsfører kommunen mindre pensjon enn det vi betaler i pensjon, og forskjellen blir ført opp som fordring i balansen.

Samla sett har pensjon auka med 7 mill. meir enn ordinær lønnsvekst skulle tilseia. Størstedelen av auken kjem som følge av omlegging av pensjonsordninga, og er kompensert gjennom statsbudsjettet / auka rammetilskot (ca. 3,9 mill.). Resterande 3,1 mill. har auka underbalansen til kommunen.

Renter og avdrag:

Jf. oversikta Økonomisk oversikt drift under sentralt kapittel:

- Netto renteutgifter er auka med 0,6 mill., dels grunna renteoppgang i ØP-26 i forhold til ØP-25, dels reduksjon i renteinntekter som følge av reduksjon i inntestående på bank. Avdrag er redusert i 2026 med nær 3,2 mill. Bakgrunnen er ny forskrift om auka maksimale avskrivningstider for bl.a. vatn og avløp, og som inneber at vi kan auke avdragstida.
- Sjølvkostområda vatn og avløp får auka kapitalkostnader, som følge av auka lån, høgare rente, og på tross av at avdragsbelastninga er redusert i forhold til tidlegare plan.
- Generaløkonomien får ein reduksjon i netto kapitalkostnader på ca. 0,9 mill. i 2026, og totalt 1,5 mill. i planperioden.



Innsparingstiltak

Redusere bemanning utanom skulesektoren

Bemanninga vert teke ned med ca. eit halvt årsverk, med verknad frå medio 2026. Dette tiltaket vil ikkje berøre skulesektoren eller reinhald. Kommunedirektøren vil vurdere om det kan sparast lønnskostnader, bl.a. når det blir ledige stillingar, og ved nærare vurdering av behovet i dei enkelte tenestene. Nedtaket kan skje ved fleire mindre reduksjonar, som til saman skal utgjera minst eitt halvt årsverk innan 2027.

Redusere løyvinga til kontrollutvalet til forvaltningsrevisjon

Formannskapet tilrår at budsjetttramma til Kontrollutvalet vert redusert med 180` i høve budsjettframlegget til Kontrollutvalet. Kontrollutvalet sitt budsjett følgjer som vedlegg til økonomiplanen. Det viser ei ramme til forvaltningsrevisjon på 510`. Budsjettet omfattar bl.a. prosjektet sjukefråvær og arbeidsmiljø i helsesektoren med 200`. Formannskapet innstiller på å redusere denne løyvinga i 2026 med 100`, med oppstart av prosjektet andre halvår 2026. Budsjettet til kontrollutvalet omfattar også prosjektet IKT-sikkerheit, eit fellesprosjekt for alle 6 kommunar. Formannskapet ber Kontrollutvalet vurdere det samla omfanget av denne forvaltningsrevisjonen. Reduksjonen i forhold til kontrollutvalet sitt forslag til budsjett er 180` årleg.

Bruk av ubundne fond for saldering av økonomiplanen for 2026-

Økonomiplanen for 2026 er saldert med bruk av oppsparte midlar med 6.273` i 2026 og 3.473` i 2027. Det er lagt til grunn tilbakeføring/styrking av fondet i 2028 med 943` og 2.112` i 2029.

Utfordringar og strategi

Analysar og utfordringar


Kommunedirektøren sin internkontroll

Kommunen nyttar eit elektronisk internkontrollsystem. Dette er under stadig utvikling, og inneheld:

- Reglement/rutinar/prosedyrar (1043 dokument per november 2025)
- System for ROS-analyser
- System for avviksmeldingar/-handtering (inkl. ulykker/nestenulykker)
- System for varslings

Det er stadig auke i meldte avvik. Per 6. november -25 er det meldt 418 avvik (mot 467 avvik gjennom heile 2024). Ein vesentleg grunn til dette er at kommunen gjennom dei siste åra har hatt aukande merksemd på avvikrapportering/-behandling og har gjennomført opplæring av tilsette.

Tal meldte avvik har utvikla seg slik dei siste fem åra:



Som ein del av kommunedirektøren sin internkontroll, skal tenesteleiarane følge opp og årleg rapportere status på dei risikofaktorane som har potensielt høg/alvorleg risiko/konsekvens.

Sjukefråvær oppfølging

Kommunen hadde t.o.m. 2. tertial 2025 eit sjukefråvær totalt på 9,7 %. Sjølv om dette framleis er høgt, er dette ein reduksjon på 0,6 prosentpoeng frå tilsvarande periode i 2024, og 1,9 prosentpoeng lågare enn fråværet i 2023.

Kommunen hadde per andre tertial eit sjukefråvær på 9,7%. Dette er det lågaste vi har hatt i same periode dei siste fire åra (ned 0,6 prosentpoeng frå 2024), og vi er no på eit «normalnivå» for kommunen i åra 2018-21. Målet i økonomiplanen at sjukefråværet skal ned med 1 prosentpoeng frå - 24.

Særleg positiv har utviklinga vore i dei store tenesteområda (opplæring/kultur og helse/omsorg).

Det har vore ein ytterlegare reduksjon i sjukefråværet gjennom september og oktober. Det kan sjå ut som dei tiltaka kommunen har sett inn for å redusere sjukefråværet har hatt god effekt.

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2023	Øystre Slidre 2024	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	6 364	7 064	6 276	4 886
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	207	254	281	146
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	592	515	704	458

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kommunen har administrative utgifter som er litt høgare enn kostra-gruppe 04. Det er stor variasjon i korleis kommunane fordeler utgifter mellom administrasjon og tenestefunksjonar. Kommunen har i 2024 brukt mindre til kontroll og revisjon enn gjennomsnittet i kostra-gruppa, som det er mest naturleg å samanlikne seg med. Kommunen sine utgifter til politisk styring gjekk litt ned i 2024, etter oppgang i 2023, og ligg lågare enn kostragruppe 04, noko høgare enn landet utanom Oslo.

Mål

Mål	Indikator	Resultat 2024	Ønska resultat 2026	Ønska resultat 2027	Ønska resultat 2028	Ønska resultat 2029
Hovudmål:						
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.						
Delmål:						
Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Rutinar fulgt (1=ok, 2=ikkje ok)		1	1	1	1
	ROS-analyser (1=ok, 2= ikkje ok)		1	1	1	1
Vi vil vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023	Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023 (2,9%)	5,6 %	0,9 %	0,9 %	0,9 %	0,9 %
Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Innanfor budsjett	20,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %



Kap. 8.2 Opplæring og kultur

Samandrag budsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.bud	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Felles opplæring og kultur	8 580	6 867	7 272	1 865	1 264	1 214	1 214
ØSUS	13 845	15 720	15 765	18 012	18 012	18 012	18 012
Rogne skule	20 502	17 827	17 902	18 677	18 662	18 662	18 662
Lidar skule	16 442	16 989	17 064	21 942	21 932	21 932	21 932
Rogne barnehage	13 939	14 880	14 880	17 471	17 471	17 471	17 471
Beito barnehage	7 163	7 536	7 536	7 056	6 606	6 606	6 606
Private barnehagar	5 838	6 324	6 324	6 324	6 324	6 324	6 324
Kulturavdelinga	9 778	9 994	10 399	10 785	10 725	10 725	10 725
Integreringstenesta	0	-0	-0	16 897	16 897	16 897	16 897
Sum	96 087	96 136	97 141	119 027	117 891	117 841	117 841

Budsjettendringar:

Nedanfor følger dei viktigaste endringane i budsjettet.

Felles opplæring og kultur:

- Reduksjon i netto inntekter på vel 1 mil., ved at omfanget av gjesteelevar blir redusert.
- Reduserte lønnsutgifter ved reduksjon i bemanning innanfor grunnskulen, jf. innsparingstiltak omtala nedanfor. Tiltaket er foreløpig lagt inn under Felles opplæring og kultur, fram til det er fordelt på skulene (-0,8 mill. i 2026, 1,6 mill. årleg i resten av perioden).
- Ny løyving til system for kompetanse- og karriereutvikling barnehage og skuler, jf. statsbudsjettet (50`).
- Ny løyving til utgreiing av framtidig skulestruktur (50` i 2026 og 2027), jf. eit av punkta under 10 på topp.
- Ny løyving til opplæring samisk (30`), ut frå faktisk behov og plikt etter lova.
- Ny løyving til skulene med 200` årleg til transport fjelltur/skitur og lærebøker. Tiltaket er foreløpig lagt inn under Felles opplæring og kultur fram til det er fordelt på skulene.

ØSUS:

- Etter vedtekne endringar -25 i opplegget for leirskule blir det ikkje leirskule i 2026. Vi har teke ut 200` frå utgiftsbudsjettet til ØSUS. Løyvinga er teke inn att frå 2027, men er foreløpig lagt under Felles opplæring og kultur.
- Budsjett for utstyr er redusert igjen etter eingongsløyvinga som vart gitt i 2025 til digitale tavler til skulane (136`).
- Transportutgifter aktivitetsdagar er redusert i tråd med innsparingstiltak i ØP-25 med verknad frå 2026 (25`).



Rogne skule:

- Transportutgifter aktivitetsdagar er redusert etter innsparingstiltak i ØP-25 med verknad frå 2026 (25`).
- Redusert lærardekning med 40% frå og med 1.1.2026, jf. innsparingstiltak i ØP-25 (300`).
- Reduksjon i matutgifter SFO med 30` årleg frå aug. 2026, ved at det vert etablert ordning med ekstra matpakke for born i SFO.

Lidar skule:

- Transportutgifter aktivitetsdagar er redusert etter innsparingstiltak i ØP-25 med verknad frå 2026 (25`).
- Bemanninga er auka ved BHSS skuleavdeling med 0,2 årsverk frå 2026 etter reforhandling av avtalen.
- Reduksjon i matutgifter SFO med 20` årleg frå august 2026, ved at det vert etablert ordning med ekstra matpakke for born i SFO.

Rogne barnehage:

- Budsjett for utstyr er redusert etter eingongsløyvinga til barnehagane i 2025 (105` for Rogne).
- Bemanning er redusert med 1,6 årsverk frå 15.8.26 fordelt på 100% fagarbeidar og 60% pedagog på grunn av endring i spesialpedagogisk behov.

Beito barnehage:

- Budsjett for utstyr er redusert igjen etter eingongsløyving til barnehagane i 2025 (45` for Beito).
- Bemanninga er redusert frå 1.8.2026 med 3,23 årsverk fagarbeidar og ein pedagogstilling på grunn av færre barn i barnehagen.

Kulturavdelinga:

- Reduksjon i inntekter - budsjetterte billettinntekter er teke ut (111`) då budsjettposten ikkje lengre er reell.
- Innsparingstiltak (jf. ØP-25 med verknad frå 2026, men med reversering i ØP 26-29), totalt ca. 113` i 2026, 173` i 2027-2029. Omfattar reduksjon i vikarbruk og kjøp av lærarar frå andre kommunar i kulturskulen, mat og annonseutgifter. Også reduksjon i sommarjobb for ungdom på Furustrand frå 2026 er reversert.

Innsparingstiltak

Mat SFO

I dag har ungar i 1.-3. klasse rett på gratis SFO 12 timar i veka. Dette har ført til ei stor auke i talet på barn på SFO. Tidlegare har foreldra betalt meir for SFO enn dei gjer no, og mat har vore inkludert i summen dei har betalt. I dag betaler foreldra lågare eller ingen betaling for SFO-plassen, avhengig av kor mykje dei brukar plassen, og samtidig tek vi ikkje betalt for maten vi serverer. Det er vurdert å innføre matpengar, men landa på at ein i staden innfører ei ordning der barna på SFO har med ekstra matpakke. Det vert etablert ordning med ekstra matpakke for born i SFO frå 2026, og matbudsjettet er redusert med 50` årleg frå august-26.

Redusere bemanning innanfor grunnskulen

Vi viser til omtale i økonomiplannotat nr. 4. Lønnsbudsjettet er redusert med 800` i 2026 og 1.600` i 2027-29. Vi vil gjennomføre eit nedtak av stillingar på ein måte som gjev så få konsekvensar som mogleg for skuledrifta. Ved ein reduksjon i bemanninga vil det bli ei vurdering om det skal bli redusert



med ei lærarstilling, ei fagarbeiderstilling eller ein kombinasjon av stillingar. Det vil også bli vurdert korleis reduksjonen skal fordelast på skulane. Vi vil sikre at vi er innafor bemanningsnorma i alle skulane.

Nye tiltak

Skulene – auka løyving (200`) til lærebøker og transport til fjelltur /skidag

Det er lagt inn auka løyving til lærebøker (125`) og til transport til fjelltur/skidag el.l. (75`) i planperioden, dvs. at dette innsparingsvedtaket i ØP 2025-28 er reversert i 2026 for planperioden.

Toppbemanning barnehagane (kjøkkenhjelp)

Det er løyvd 80` årleg frå august 2026, for styrka toppbemanning i barnehagane. Dette kjem i tillegg til venta auka øyremarka tilskot til toppbemanning i barnehagane i samband med statsbudsjettet. Øyremarka middel må nyttast til føremålet. Vi legg til grunn same del av tilskotet i -26 som det vi fekk i -25, noko som vil gje auka tilskot på 318` i -26. Utgiftene til auka lønskostnader vil bli tilpassa stønadsbeløpet vi får tildelt i -26.


Kultur

Kulturskulen er styrka med 21` årleg til samspel folkemusikk og 663` til kjøp av lærarar frå andre kommunar. Dvs. at desse innsparingstiltaka som vart vedteke i ØP-25 er reversert i ØP 2026-2029. Det vart også løyvd 60` til sommarjobb for ungdom ved Furustrand i 2026.

Utfordringar og strategi

Analyser og utfordringar

A.1 Demografisk utvikling



Statistikken frå SSB syner ein nedgang i tal barn og unge fram mot 2050. Størst endring blir det i alderen 13-15 år og 16-19 år mellom 2030 og 2040. Aldersgruppene syner her talet i barnehagealder, barneskulealder, ungdomsskulealder og vidaregåandealder.

Elevtala i 1. klasse i åra framover fordeler seg slik:

1.klasse	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
Lidar skule	19	15	8	9	9	9	11
Rogne skule	16	21	22	19	9	19	20
Kull	35	36	30	28	18	28	31

A.2 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Samfunnet endrar seg raskt og skulen vil måtte klare å omstille seg etter samfunnet si utvikling og behov. Teknologikutvikling, globalisering og klimaendringar er områder regjeringa melder som sentrale faktorar.

Det vil bli ei viktig oppgåve å sikre rett kompetanse i skulen og i laget rundt elevane. SSB sine rapportar viser at det er utfordrande å ha rett kompetanse hjå lærarane.

Det blir gjort tiltak for å gje skulane fleire hjelpemiddel, for å sikre trygge og gode læringsmiljø i skulen, då mobbing og utanforskap skjer i for stor grad og læringsutbytte ikkje er godt nok.

Regjeringa meiner fellesskulen er ein av de viktigaste fellesarenaene i det norske samfunnet. Det er mange ulike forventningar til skulen, og den blir både påverka av og påverkar sjølv utviklingstrekk i samfunnet. Regjeringa vil ruste fellesskulen for framtida, og har sett ned eit offentleg utval som skal greie ut fellesskolen si rolle i framtidas samfunn. I lys av dette skal utvalet også vurdere kva endringar som ein treng av innhald, omfang og organisering i skulen for at den skal ruste elevane til å møte utfordringar i framtida. Dei skal levere sin innstilling i august 2026.

Nasjonale prøver skal bli avvikla og erstattast med læringsstøttande prøver. Målet er å fase inn dei nye læringsstøttande prøvene i 2028.

I opplæringslova er rolla til den pedagogisk psykologiske tenesta (PPT) gjort tydelegare. Dei skal samarbeide med og støtte skulane i det førebyggjande arbeidet, for å gje eit inkluderande opplæringstilbod. Dei skal vidare vera med å utvikle profesjonsfellesskapet og utarbeide sakkyndige vurderingar på enkeltelevar når det er naudsynt. PPT Valdres arbeider no med denne endringa saman med skulane. Dei får bistand frå KS i arbeidet.

I regjeringa sin strategi, "Barnehagen inn i ny tid" har dei sett eit mål om at 60% av grunnbemanning i barnehagen skal vera barnehagelærarar innan 2030. Dette er sett på som eit svært ambisiøst mål.

Det vert satsa på vidareutdanning og kompetanseheving for alle tilsette i skule og barnehage. Ei ny ordning gir alle same rettigheter og tilrettelegging for vidareutdanning.



A.3 Lokale utviklingstrekk og utfordringar

Trygt og godt barnehagemiljø/skulemiljø/oppvekstmiljø

- Læringsmiljøprosjektet vil halde fram ut i økonomiplanperioden. Prosjektet vil ha prioritet innanfor profesjonsutviklinga i både barnehage og grunnskule. Alle som arbeider med barn og unge i kommunen skal kjenne til læringsmiljøprosjektet og vera med å bidra i arbeidet. Målet med læringsmiljøprosjektet er at barna i barnehagen og elevane skal ha eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø og gode forutsetningar for utvikling og læring.
- Det er innført mobilfri skule og FAUane på barneskulane arbeider aktivt med Smarttelefonfri barndom.
- Ungdomsklubben har starta oppatt med meir drift. I tida framover skal vi vidareutvikle tilbodet i dialog med ungdommen.

Dekning barnehage:

Framover har vi totalt sett god kapasitet i barnehagane i kommunen. Det er å forvente at Rogne barnehage framleis vil kunne ha venteliste.

Personal:

Samhandling mellom tenestene vil vera eit hovudfokus i planperioden. Dette er vi avhengig av å lykkast med for å nytte ressursane best mogleg.

Innanfor barnehage og grunnskule er det krevjande å få kvalifiserte søkarar innanfor fagfeltet. I løpet av økonomiplanperioden vil fire tilsette utdanne seg som barnehagelærarar, noko som er svært positivt. Vi har ikkje barnehagelærardekning etter de nasjonale målet i 2030.

Kommunen vil bruke statleg tilskot for toppa bemanning i barnehage til å prøve ut kjøkkenpersonell som rullerer på alle tre barnehagane i ei periode på seks månader. Kjøkkenpersonalet skal ikkje bli rekna inn i grunnbemanning.

Kultur skapar fellesskap, bygger bruer, gjev oss identitet, fellesskap og stoltheit. Det er viktig å ta vare på kulturmiljø, kulturarv og folkemusikk. Kulturavdelinga arbeider med å skape det gode lokalsamfunn gjennom gode møteplassar og har saman med frivillige lag eit breitt tilbod til born, unge og vaksne. Biblioteket har godt utlån og arrangement for fleire målgrupper, særleg Lått og leven er arrangement som samlar mange. Barnehagebibliotek og sommarles gjev auke i utlån. Frivilligsentralen har enkeltfrivillige og mange aktivitetar for folkehelse og trivsel. Kles- og sykkellager har fått gode rutine og fast opningstid, til glede og nytte for alle som treng det. Ung kultur arbeider kontinuerleg med å tilby tilpassa aktivitet, og har ope ein fast ettermiddag/kveld i veka, ved sida av mange enkeltarrangement. Kulturskulen tilbyr opplæring og aktivitetar, og opplever auka interesse for gruppetilbod. Nye tilbod som klassekorps og spikkeskule er populært. Arbeidet med revidering av kulturmiljøplan er godt i gang og vil bli sluttført i 2026.

Talet på flyktningar vi buset kvart år nærmar seg ei normalsituasjon etter å ha vore svært høgt i 2022 og 2023. Det viktigaste tiltaket her er å få vaksne ut i arbeid, slik at dei kan meistre eige liv og forsørgje eventuell familie. Dette er eit krevjande arbeid, men vi opplever å ha funne ein god arbeidsform som gjer at vi har lykkast godt dei siste par åra.

I 2026 skal vi greie ut mogleg endring av skulestruktur. Det er utarbeidd eit planprogram som vil gje ramme for arbeidet, og ei arbeidsgruppe vil sørge for gjennomføringa av oppdraget.

Oppvekstplanen skal bli revidert i 2026. Arbeidet vil bli forankra i tenestene og hjå dei tilsette, og oppvekstforum i kommunen vil vera med å sikre arbeidet.

Kvalitetsvurdering

Miljøretta helsevern: Det er gjennomført tilsyn i barnehagane etter "Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger ". Rapportane etter tilsynet konkluderte med ingen avvik i barnehagane.

Kartleggingar i skulen, som kartleggingsprøver 1.-3. kl. og nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn er ein del av vurdering av det faglege nivået. Elevundersøkingane som alle elevar i 5.-10. trinn gjennomføre gir oss mellom anna eitt avgrensa bilde av det psykososiale miljøet. Vi vil i 2026 starte opp med bruk av eit kartleggingsverktøy innanfor trygt og godt skulemiljø som vil gje oss meir informasjon om korleis elevane har det saman.

I 2025 vart det gjennomført medarbeiderkartlegging som er brukt til analyse og sett inn tiltak på kvart tenestekområde.

Arbeidstilsynet har hatt tilsyn på Øystre Slidre ungdomsskule med tema muskel- og skjelettplager og psykiske plager. Tilsynet er no lukka.

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2023	Øystre Slidre 2024	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (205, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	23,8 %	23,8 %	21,0 %	22,5 %
Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	589	568	748	618
Barnehage nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	10,7 %	9,9 %	11,3 %	13,8 %
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud (B) *) **)	446	365	825	1 110
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	2 380	1 962	2 957	3 139
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B) *) **)	270	244	152	249
Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B) *) **)	414	397	439	343
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	239 268	233 522	250 045	224 324
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	152 863	161 532	133 253	119 349
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	7 334	6 428	5 063	3 302
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	7 520	7 331	14 415	16 920
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,3 %	1,2 %	1,1 %	0,9 %
Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	2,7 %	2,7 %	2,3 %	2,6 %
Skoleskyss brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,6 %	0,6 %	0,5 %	0,3 %

**Produktivitet**

Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen *)	2 874	3 063	2 850	2 127
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker *)	25 387	22 435	26 527	26 850
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	214 559	231 512	187 110	158 817

Dekningsgrad

Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	2,7 %	5,0 %	1,7 %	3,3 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	31,4 %	34,0 %	19,3 %	13,0 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	11,1 %	9,5 %	9,6 %	8,0 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	6,6 %	7,0 %	6,7 %	6,2 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	83,9 %	106,9 %	82,2 %	87,7 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	23,1 %	23,3 %	20,1 %	18,9 %
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	4,6	4,5	3,4	2,6

Kvalitet

Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	26,9 %	39,1 %	42,5 %	41,6 %
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	85,1	82,8		
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,6	3,6		
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	41,5	40,7	41,8	42,0
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	9,6	8,9	10,7	12,5

Kommunekasse

Korrigerte brutto driftsutgifter (383) musikk- og kulturskoler (Kommunekasse)	3 209	2 709	96 782	
---	-------	-------	--------	--

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Skule

Kommunen nyttar 23,8% av samla netto driftsutgifter innan grunnskulesektoren (sjå under Prioritet). Dette er noko over kostragruppa og landet. Ser vi på netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år ligg vi også over pr. innbyggjar 6-15 år, og vi har hatt ei auke frå 2023 til 2024. Vi brukar meir pengar pr elev enn landet og kostragruppa på undervisningsmateriell (under Produktivitet). Kostra viser at gruppestørleiken har gått ned frå 9,6 til 8,9 elevar. Her ligg vi under kostragruppa med 10,7 og landet med 12,5. Driftsutgifter til grunnskule, skulelokale, skuleskyss ligg høgt samanlikna med kostragruppa og landet. Det er også ei auke frå 2023 til 2024 i kommunen.

Innanfor skulefritidsordninga er brutto driftsutgifter pr innbyggjar på kr 365 (under Prioritet). Dette er godt under kostragruppa og landet. Noko av forklaringa på dette kan vera at vi har færre timar med SFO enn mange andre stader i landet. Dette kan forklarast ved at vi har lengre skuledagar, og at ei skule ikkje har SFO på morgonen. 1.-3. klasse har gratis kjernetid på SFO, og vi ser at dette gir fleire elevar på SFO enn tidlegare.

Kommunen har gått ned når det gjeld del elevar som mottek individuell tilrettelagt opplæring (sjå under Dekningsgrad). Vi ligg no på nivå med kostragruppa og litt over landet. Kostra viser at vi fortsatt ligg høgt på tal timar individuell tilrettelagt opplæring av tal lærartimar totalt. Det vil seie at vi har elevar som har store behov for ekstra oppfølging i skulen. Særskild språkopplæring har hatt ei auke

opp til 7%, og kommunen ligg over kostragruppa og landet. Forklaringa her er høge busettingstal over fleire år.

Del undervisning gjeve av godkjent undervisningspersonale var på 82,8 i 2024 (sjå under Kvalitet). Kommunen ligg noko under kostragruppa og landet på grunnskulepoeng.

For stor del elever svarar at dei ikkje trivst på skulen i 2023 og 2024.

Barnehage

Kommunen nyttar 9,9% av samla netto driftsutgifter til barnehage (sjå under Prioritet). Dette er under kostragruppa og landet. Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år har gått noko ned frå 2023 (under Prioritet), og vi ligg no mellom kostragruppa, og landet utan Oslo.

Kostra viser at det er ei auke i del barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga frå 26,9% i 2023 til 39,1 i 2024 (under Kvalitet). Årsverk på dispensasjon frå utdanningskravet er ikkje rekna inn her. Vi har tilsette som tek barnehagelærarutdanninga, noko som vil vera med å betre ande barnehagelærarar i barnehagane, og nå snittet i kostragruppa og landet utanom Oslo.

Kultur

Kommunen har i 2024 redusert ytterlegare tilskot frå 2022 og 2023 til andre kulturaktivitetar og kulturbygg per innbyggjar (sjå under Prioritet). Vi ligg under kostragruppa og landet.

Innanfor kulturskulen har vi gått noko ned per innbyggjar 6-15 år i kroner (under Prioritet) frå 7334 i 2023 til 6428 i 2024. Vi ligg over kostragruppe og omlag 100% høgare enn landet utanom Oslo. Vi ligg noko under på driftsutgifter pr. brukar av kommunale musikk- og kulturskuler. 34% av barn og unge går i kulturskule, noko som er markant høgare enn kostragruppa og landet utanom Oslo. Ventelista 5% er på venteliste på tilbod. Nokon av dei som er på ventelista kan ha andre tilbod i kulturskula.

Biblioteket er mykje brukt, og vi ligg omlag likt i 2024 som i 2023 på utlån per innbyggjar (under Dekningsgrad). Det er godt over kostragruppa og landet. Skulebiblioteka er også mykje brukt.

Kyrkja

Kommunen har nytta 1,2% av totale netto driftsutgifter til kyrkja. Dette er 0,1% mindre enn i 2023. Dette er om lag likt som kostragruppa og litt over landet i 2024.

Mål

Mål	Indikator	Oppn. resultat	Ønska resultat	Ønska resultat	Ønska resultat	Ønska resultat
		2024	2026	2027	2028	2029

Hovudmål:

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.



Delmål:

Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Rutinar fulgt (1=ok, 2=ikkje ok)	1	1	1	1
	ROS-analyser (1=ok, 2=ikkje ok)	1	1	1	1
Vi vil vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023	Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023 (11,6%)	10,8 %	8,6 %	8,6 %	8,6 %
Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteyrmdrå i kommunen.	Innanfor budsjett	103,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
90% av dei som avslutta introduksjonsprogrammet og er arbeidsføre skal vera i jobb eller utdanning etter eitt år.	Prosentandel av arbeidsføre	55 %	80 %	90 %	90 %
Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli ivareteke på ein god måte, få informasjon om sitt barn i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompetansen.	Foreldrekompetanse: Foreldreskulen er tiltak for å heve foreldrekompetansen. Blir målt i prosentvis oppmøte.	55 %	55 %	60 %	60 %
	Foreldreundersøkinga: Barnehagen jobbar for å sikre foreldra si medvirkning.	4,6	4,7	4,8	4,8
	Foreldreundersøkinga: Eg har inntrykk av at barnet mitt trivst i barnehagen	4,8	4,8	4,9	4,9
	Foreldreundersøkinga: Oppleve at barnet mitt føler seg trygg på personalet	4,7	4,7	4,8	4,8
	Foreldreundersøkinga: Eg har eit inntrykk av at mitt barn har vener i barnehagen	4,7	4,8	4,9	4,9
	Sosiogram - løpande observasjon (1=ok, 2=ikkje ok)	1	1	1	1
Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette.	Prosent av tilsette som deltek	90,0 %	90,0 %	90,0 %	90,0 %



Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte.	Prosent av totalt antal pedleiarar		95,0 %	95,0 %	95,0 %	95,0 %
Vi skal ikkje ha pedagogiske leiarar på dispensasjon	Årsverk på dispensasjon		1	0	0	0
Alle elevar skal ha eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø.	Elevunders. 10. trinn - Elevdemokrati og medvirkning	3,1	4,1	4,3	4,5	4,5
	Elevunders. 10. trinn - Felles regler	3,7	4,2	4,3	4,5	4,5
	Elevunders. 10. trinn - Læringskultur	3,5	3,9	4	4,5	4,5
	Elevunders. 10. trinn - Mobbet av andre elever på skolen	20	12	10	9	9
	Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,6	3,8	4	4,2	4,2
	Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning	3,6	4,1	4,3	4,5	4,5
	Elevunders. 7. trinn - Felles regler	4,4	4,2	4,3	4,5	4,5
	Elevunders. 7. trinn - Læringskultur	4,1	3,9	4	4,5	4,5
	Elevunders. 7. trinn - Støtte fra lærerne	4,3	4,2	4,5	4,5	4,5
	Elevunders. 7. trinn - Trivsel	4,2	4	4	4,2	4,2
Elevane skal ha ei god fagleg utvikling.	Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	50	49	50	52	52
	Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	47	48	49	50	50
	Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	50	50	52	53	53
	Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing, mestringsnivå 1	10	7,1	7	7	7
	Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	48	50	52	52	52
	Nasjonale prøver 9. trinn: Regning, mestringsnivå 1		6	5,5	5	5

Kap. 8.3 Helse og omsorg

Samandrag budsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.bud	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Felles helse og omsorg	17 115	22 780	22 545	28 880	29 220	29 220	29 220
Helse og tilrettelagde tenester	44 869	39 858	39 858	43 926	43 726	44 076	43 726
Førebygging og meistring	38 413	39 523	39 523	39 735	39 735	39 735	39 735
Institusjonstenester	34 725	36 449	36 449	37 094	37 094	37 094	37 094
Sum	135 121	138 610	138 375	149 634	149 774	150 124	149 774

Budsjettendringar:

Nedanfor følger dei viktigaste endringane i budsjettet.

Felles helse og omsorg:

- Auka inntekter for dagsenter for heimebuande som får auka tilbod, jf. innsparingstiltak frå ØP-25 med effekt frå 2026 (0,1 mill.).
- Auka inntekt ved bruk av bunde fond (0,4 mill.).
- Redusert løyving til ekstraavgifter flyktningar.

Helse og tilrettelagde tenester:

- Inntekter er auka for vedsal (med 50`), jf. innsparingstiltak frå ØP-25 med vedteken auke 2026.
- Kommunepsykolog budsjettet er redusert frå 40% til 30% (-0,1 mill.), jf. Innsparingstiltak frå ØP-25 med verknad frå 2026.
- Tilrettelagde tenester har redusert overtidsbudsjett med 0,2 mill. med verknad frå 2027, jf. innsparingstiltak frå ØP-25 med auke.
- Ny løyving til digitale hjelpemiddel for sjølvhjelp innan psykisk helseteneste teke inn frå 2026 med 31`, jf. tiltak omtala nedanfor.
- Reduserte inntekter ut frå oppdaterte prognosar, derunder tilskotsinntekter frå staten til ressurskrevjande brukar (med 1,1 mil.) og inntekter legetenesta (med 0,8 mill.).

Førebygging og meistring:

- Støttekontakter over til gruppetilbod, jf. innsparingstiltak frå ØP-25 med reduserte lønnskostnader frå 2026 (0,15 mill.).
- Auka ramme ved at øymerka tilskot kr 100` er teke ut, då tilskotet til frisklivs-, lærings- og meistringstilbod er innlemma i rammetilskotet frå 2026.
- Bemanninga er auka med ca. 1,2 årsverk, der alt er finansiert at tilskotsmidler.

Institusjonstenester:

- Pensjonsavgifter på tenesteområdet er redusert.
- Inntekter frå sjukepengerefusjonar er auka.



Nye tiltak

Digitale hjelpemiddel for sjølvhjelp innan psykisk helseteneste

I dag har vi ikkje digitalt tilbod innanfor psykisk helseteneste. Vi meiner at ved å tilby eit digitalt program med oppfølging frå våre tilsette vil vi kunne nå andre sårbare grupper enn vi gjer i dag, mellom anna unge vaksne. Vi vil også kunne nå brukarar som i dag opplever at lokaliseringa av psykisk helseteneste er vanskeleg. Digitalt program for sjølvhjelp vil vera med å effektivisere tenesta med å raskare gje målretta hjelp til brukarar og kunne korte ned behandlingstida. Det vil også bidra til kontinuerleg kompetanseheving for tilsette i tenesta. Forsking viser at bruk av sjølvhjelpsprogram kan gje vesentleg betring i symptom på angst og depresjon, og like tilfredse brukarar som ved ordinær oppfølging. Vi kan måle forbetring, auka kvalitet og økt effektivitet.


Utfordringar og strategi

Analyser og utfordringar

A.1 Demografisk utvikling

Tabellen syner at vi får ei markant auke i aldersgruppa 80 år og oppover. Tidlegare har ein større del av aldersgruppa 80+ hatt vedtak om tenester på det høgste nivået (institusjonsplass) i tenestetrappa vår. Dei siste åra har stadig fleire motteke tenester i eigen heim i staden for i institusjon. Vi ser også ein god effekt av dei heildøgns bemanna bustadene ved Øystre Slidre helsetun.

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Øystre Slidre, Hovedalternativet (MMMM).




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Vi ser ein trend som viser at innbyggjarane, uavhengig av alder, i større grad enn tidlegare motteke tenester i heimen og står for ein stor del av dei totale utgiftene innan helse- og omsorg. Vi kan forvente at fleire av dei eldste innbyggjarane i større grad enn tidlegare vil klare seg med tenester i heimen, og vi vil framleis dreie innsatsen mot heimetenester.

Eit utviklingstrekk er at gjennomsnittsalderen er aukande, og den generelle folkehelsa blir betre. I tillegg forventar vi effekt av auka fokus på førebyggjande tiltak, eigenmeistring og tilretteleggingar i eigen heim, og at vi difor vil klare oss lenger heime. Dette vil kunne bety endra behov for oppfølging av heimetenesta. Det vil og føre til at dei som får tilbod om institusjonsplass har eit omfattande og samansett hjelpebehov.

Pasientane ligg kortare tid på sjukehuset no enn tidlegare. Konsekvensane av dette er at pasientane er dårlegare ved utskriving til kommunen og treng meir omfattande og spesialisert oppfølging enn tidlegare. Utviklinga fører til at det også er vanskelegare å få lagt pasientar inn på sjukehus. Dette gjer at kommunen må ivareta dårlegare pasientar no enn før. Vi har gode erfaringar med bruk av Valdres lokalmedisinske senter, og vi har god kompetanse og tenestetilbod lokalt.

Statistikken syner at det er om lag 85 000 eldre med demens i Norge. Befolkninga i Øystre Slidre er eldre enn gjennomsnittet i Norge og har difor ein høgare del med demens. Framskrivingar syner ei kraftig auke i talet på personar med demenssjukdomar i perioden fram mot 2050. Mellom 80-90 % av alle som har ein demenssjukdom vil ha behov for døgnbaserte tenester, i omsorgsbustader eller i institusjon. Dette vil utfordre oss i stor grad når det gjeld koordinering, nok kapasitet, og kompetanse. For å møte utfordringane på området arbeider kommunen med å bli eit meir demensvenleg samfunn slik at personar med demens blir møtt med forståing, respekt og støtte. Mål er å legge til rette for at personar med demens opplever meistring og inkludering.



Det er forventa at deltidsinnbyggerane oppheld seg meir i kommunen. Deltidsinnbyggerane som oppheld seg her meir enn i helger og feriar er i hovudsak pensjonistar.

Innbyggerar med samansette behov er aukande og dei treng hjelp frå fleire fagområde. Innbyggerane er i alle aldersgrupper, og det er derfor behov for å etablere ressursteam som kan bistå ut i frå innbyggaren sine behov. Dette tilbodet vil vera eit lågterskeltiltak med mål om å kome tidleg inn for å hjelpe innbyggaren til å klare å kome over hindringane og meistre eige liv best mogleg.

A.2 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Det er tydelege nasjonale føringar om at kommunane skal gje gode omsorgstenester, og ha eit spesielt fokus på at eldre kan bu lengre heime. Det er fleire reformar som har vart over tid som bygge opp under dette arbeidet, for eksempel "Leve heile livet" og "Bu trygt heime".



Helsefellesskapet Innlandet vart oppretta i 2020 og er eitt av 19 helsefellesskap i landet. Målet med helsefellesskapa er å skape meir samanhengande og berekraftig helse- og omsorgstenester for pasientar som treng hjelp både frå spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Helsefellesskapet har fire grupper som skal bli prioritert i arbeidet: barn og unge, alvorleg psykisk sjuke, pasientar med fleire kroniske lidningar og skrøpelege eldre.

Barnevernsreforma vil framleis vera førande for arbeid med å kunne setje inn tiltak tidlegare for å hjelpe barn og familiar. I tillegg vil vi trenge betre tilgang på fosterheimar i regionen, for at barn som treng det kan få bu i trygge miljø i ei periode der det er naudsynt. Det er ein stor fordel om fosterheimen er i nærleiken av det kjende lokalsamfunnet til barnet, slik at det kan fortsette på den kjende skulen og med fritidsaktivitetar saman med vener.

Valdreskommunane har tilsett ein regional e-helsekoordinator. Stillinga er dekt med tilskot. Koordinatoren skal arbeide for at kommunane skal få mest mogleg ut av satsingane innanfor velferdsteknologi og teknologiske hjelpemiddel for tilsette. Øystre Slidre kommune er arbeidsgjevar for e-helsekoordinatoren.

A.3 Lokale utviklingstrekk og utfordringar

Helse- og tilrettelagde tenester står overfor aukande krav frå både innbyggjarar og tilreisande. Dette medfører behov for styrkt kapasitet og kvalitet i tenestene. Kompleksiteten i oppgåvene aukar, og det er eit tydeleg behov for betre samhandling mellom tenesteområda. I tillegg vil lokalisering av tenester vere eit sentralt tema framover.

Demografiske og samfunnsmessige endringar gir nye utfordringar:

- Ein betydeleg auke i talet på eldre med behov for helse- og omsorgstenester.
- Unge vaksne med psykiske helseutfordringar med aukande behov for fleksible og samordna tiltak.
- Ein flyktningssituasjonen som krev tilpassing av tenester og kompetanse.
- Rekruttering av fagpersonell er ei utfordring.
- Behov for betre kapasitet og effektivitet gjennom auka bruk av digitale løysingar for koordinering, dokumentasjon og kommunikasjon.
- Det er viktig at vi lykkast i kommunikasjonen til innbyggjarane om å ivareta eiga helse ved førebyggjande tiltak og legge til rette heimen slik at vi kan bu lengst mogleg heime.

Bruken av velferdsteknologi skal styrkast og vidareutviklast som ein integrert del av tenestetilbodet i helse- og omsorgstenestene. Teknologien skal bidra til auka tryggleik, sjølvstende og livskvalitet for tenestemottakarar, samtidig som den støttar opp under effektiv ressursbruk og berekraftige tenester.

Følgjande mål er sett for perioden:

Tryggleiksalarmar

- Sikre at alle brukarar med behov for tryggleiksalarm får tilgang til moderne og pålitelege løysingar.
- Implementere mobile tryggleiksalarmar der det er behov for fleksibilitet og høgare grad av rørsle.
- Auke kompetansen blant tilsette i bruk og oppfølging av alarmtenesta.



Digital heimeoppfølging

- Innføre digitale løysingar for heimeoppfølging av brukarar med kroniske sjukdomar og samansette behov.
- Bruke teknologi til å overvake helsetilstand, støtte eigenbehandling og redusere behovet for fysiske konsultasjonar.
- Etablere rutinar for datainnsamling, analyse og respons som sikrar kvalitet og pasienttryggleik.

Medisindispensarar

- Fase inn elektroniske medisindispensarar for brukarar med behov for hjelp til medikamenthandtering.
- Redusere feilmedisinering og styrke brukarens sjølvstende gjennom automatisert påminning og dosering.
- Evaluere effekt og brukertilfredsheit jamleg for å sikre kontinuerleg forbetring.

Overordna mål

Velferdsteknologi skal bidra til at fleire kan bu trygt heime lengre.

Teknologien skal vere enkel å bruke, tilpassa individuelle behov og integrert i tenestene på ein måte som gir meirverdi for både brukarar og tilsette.

Kommunen skal arbeide systematisk med opplæring, informasjon og brukarmedverknad for å sikre god implementering og høg nytteverdi.

Forventingsgapet i helse- og omsorgstenestene inneber at innbyggjarane sine forventningar til tenestene aukar raskare enn ressursane kommunen rår over. Dette påverkar både økonomien og organiseringa. For Tildelings- og bustadkontoret betyr det auka saksbehandlingsmengde, fleire komplekse saker, større behov for individuell tilrettelegging og tettare samarbeid med andre tenester. For å sikre gode tenester til innbyggjarane er det avgjerande med høg kompetanse, gode rutinar og tydelege prioriteringar. Kommunen må prioritere førebyggjande tiltak og effektiv ressursbruk for å møte forventningane innanfor stramme rammer, noko som kan medføre både auka driftskostnader og behov for kompetanseheving.

Bu trygt heime-reforma vil gi kommunen både økonomiske og organisatoriske utfordringar. Reforma krev meir tilrettelegging for at innbyggjarar kan bu lengre i eigen bustad, noko som medfører auka behov for bustadtilpassing, universell utforming og førebyggjande tiltak. Etterspørselen etter bustønad, startlån og tilpassa bustader vil auke.

Den nye lova om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale området pålegg kommunen eit større ansvar for oppfølging av vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dei siste åra har tenesta lagt ned eit omfattande arbeid for å skaffe eigna og tilgjengelege bustader, både for flyktningar og andre med særskilde behov. Dette arbeidet vil halde fram i 2026.

Vi ser ein auke i henvendingar om bustønad og startlån, noko som også kan tyde på at fleire innbyggjarar opplever utfordringar med å etablere eller behalde ein stabil bustadsituasjon. I tillegg til økonomiske utfordringar treng stadig fleire rettleiing i korleis ein skal bu.



Institusjon og førebygging og meistring vil utarbeide nye turnusar som skal betre ivareta pasientane sine behov, dei tilsette sine ynskjer for å få ei god vakt og kommunen sine behov. Arbeidet er ei vidareføring av TØRN- prosjektet og skal vera ein innarbeida modell i åra framover.

Vi vil sette ekstra tiltak inn på særleg sårbare grupper i økonomiplanperioden. Desse gruppene er flyktningar, menneske med samansette rus, psykiske og somatiske utfordringar, demens og åtferdsutfordringar, unge vaksne utan arbeid, skule eller andre sysselsettingstiltak, menneske med nedsett funksjonsevne og einsemd som folkehelseutfordring.

I Øystre Slidre kommune sin plan for redusert sjukefråvær står vurdering av grunnbemanning/«faste vikarordningar» som eit av dei prioriterte tiltaka. I 2026 vil vi arbeide med ein modell for dette som ein del av TØRN-arbeidet til Brennabakken. Dei andre turnusområda i helse og omsorg vil også vera aktuelle i dette arbeidet.

Kvalitetsvurdering

Det er utarbeidd nye mål i økonomiplanen for helse- og omsorg. Måla ivaretek sentrale område som samsvarer med helse- og omsorgsplanen.

I 2025 er det gjennomført brukarundersøking og pårørandeundersøking innanfor institusjon, tilrettelagte tenester og førebygging og meistring. Kartleggingane er analysert og det blir arbeidd med informasjon ut om resultat og vurdering av tiltak.

Det er gjennomført medarbeiderkartlegging i 2025. Svara er analysert og tiltak er sett i verk.

Arbeidstilsynet har hatt tilsyn i førebygging og meistring med tema muskel- og skjelettplager og psykiske plager. Tilsynet er no lukka.



Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2023	Øystre Slidre 2024	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	449 764	457 367	398 070	389 547
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	30 852	25 488	20 421	15 636
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B) *) **)	30 817	31 102	25 859	26 208
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	38,9 %	38,1 %	36,8 %	34,1 %
Produktivitet				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	10,7	13,1	13,8	14,1
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	50 684	65 223	67 096	70 127
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *)	636 263	548 377	334 371	365 801
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 504 095	1 604 222	1 567 326	1 653 500
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	5 055	6 238	5 479	5 311
Dekningsgrad				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,6 %	4,1 %	2,7 %	2,2 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	4,2 %	5,2 %	4,2 %	4,0 %
Kvalitet				
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	86,8 %	81,9 %	74,1 %	73,4 %
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	942,0	969,0	866,0	975,0
Kommunekasse				
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse)	25,6 %	31,0 %	33,9 %	37,2 %
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse) *) **)	4 201	3 942	3 496	3 323
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse) *) **)	3 725	4 318	4 207	4 134
Netto driftsutgift per bruker av hjemmebaserte tjenester (254) (Kommunekasse)	624 429			
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	131	295	259	486
Netto driftsutgifter per innbygger (254) helse- og omsorgstj. til hjemmeboende (B) (Kommunekasse) *) **)	16 986			
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse) *) **)	5 071	5 079	4 642	4 776

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Pleie og omsorg - institusjon og heimetjenester (under Prioritet og Produktivitet)

Kommunen har i 2024, som tidlegare år, forholdsvis høge utgifter per innbyggjar innan pleie og omsorg samla. Vi ligg for dei fleste variablane over samanliknbare kommunar og landet. For heimebaserte tenester har driftsutgifter per mottakar vorte redusert frå kr 636 263 i 2023 til kr 548 377 i 2024. Vi ligg likevel over snittet i kostragruppa og landet utanom Oslo. Vi viser til fleire kostra-tal under Prioritet for driftsutgifter per innbyggjar innan ulike tenester, og under Produktivitet; utgifter per beboerdøgn i institusjon, korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetjenester og korrigerte brutto driftsutgifter per plass i institusjon (under Produktivitet).

Årsaker til auka og høge driftskostnader på området kan vera ei blanding av:

- Dreining av tenestetilbodet frå institusjonstenester til heimebaserte tenester i tråd med sentrale føringar og lokale planer.
- Vi ser på området at mellom anna innbyggjarar over 80 år i 2023 i langt større grad blir ivareteken i eigen bustad, mot tidlegare tilbod i institusjon.



- Delen brukarretta årsverk innan omsorgstenesta med helsefagleg utdanning hadde ein reduksjon i 2024 til 81,9. Kommunen ligg fortsatt godt over samanliknbare kommunar (74,1%) og landet (73,4%).
- 2024 har vore prega av vakansar og høgt sjukefråvær. Mangelen på helsepersonell er ei utfordring i heile landet. Vakansar og fråvær medføra auka bruk av overtid og innleie. I 2025 er det rekruttert sjukepleiarar og helsefagarbeidarar, så det er venta at omfanget av vikarar og overtid skal gå ned i åra framover.
- Drifts- og kapitalkostnader har auka mykje etter bygging av Helsetunet, og viser vesentleg høgare driftsutgifter til institusjonslokaler per innbyggjar enn snittet.
- Avlasting i institusjon har auka og avlasting utanfor institusjon er tilsvarande redusert. Dette fører til ein auka kostnad for kommunen utan moglege inntekter, då avlasting er ein vederlagsfri teneste.
- Tal bruker-retta timer i psykisk helse kjem ikkje fram i kommunal rapportering, då det ikkje blir fatta vedtak eller registrert timeforbruk i fagsystemet. Dette medfører at kommunen har 4 årsverk som ikkje produserer "bruker-retta arbeid".

Kommunehelse / anna førebyggjande helsearbeid (under Kvalitet, Kommunekassa og Dekningsgrad)

Listelengda er lågare enn snittet i landet, men framleis litt over samanliknbare kommunar.

I 2025 har vi rekruttert den 4. legen, så alle legestillingane er no med faste legar.

Netto driftsutgifter pr innbyggjar (kommunekassa) er redusert frå kr 4201 i 2023 til kr 3942 i 2024. Kommunen ligg fortsatt over både samanliknbare kommunar og landet.

Sosialhjelp (under Produktivitet og Kommunekasse)

Økonomisk sosialhjelp har auka vesentleg frå 2023 til 2024. Dette gjeld både i forhold til utgifter per mottakar (under Produktivitet) og del utgifter til økonomisk sosialhjelp. Til tross for auken, ligg kommunen under både samanliknbare kommunar og landet. Auken kan ikkje knyttast til særskilde grupper av innbyggjarar.

Barnevern (under Prioritet og Dekningsgrad)

I 2024 ser vi ytterligare nedgang i driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år (under Prioritet), og vi er nærmare kostragruppa. Det er auke i netto driftsutgifter pr barn med tiltak (under Prioritet), og her ligg vi vesentleg over kostragruppa og landet. Det vil seie at vi har omfattande og kostbare tiltak for å hjelpe barn og unge som har behov for det.

Delen barn med undersøking og tiltak (under Dekningsgrad) har auka og vi ligg over kostra-gruppa og landet utanom Oslo. Andel barn med barnevernstiltak er særskild høgt. Tal saker pr saksbehandlar (under Produktivitet) har auka frå 2023 til 2024, vi ligg litt under kostragruppa og landet.

Mål

Hovudmål:

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.



Mål	Indikator	Ønska resultat 2026	Ønska resultat 2027	Ønska resultat 2028	Ønska resultat 2029
Delmål:					
Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Rutinar fulgt (1=ok, 2=ikkje ok)	1	1	1	1
	ROS-analyser (1=ok, 2= ikkje ok)	1	1	1	1
Vi vil vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023	Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023 (13,9%)	10,9%	10,9 %	10,9 %	10,9%
Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenestekområda i kommunen.	Innanfor budsjett	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Andelen barn med barnevernstiltak i forhold til innbyggere i aldersgruppen 0-17 år skal gå ned	Kostra - barnevern	4	3,5	2,7	2,7
Bu lengst mogleg heime: Auke kunnskapen hjå innbygarane og bruk av husbanken sine tilskotsordningar for privatpersonar for tilrettelegging i eigen bustad	Antal gj. inf.kamp	2	2	2	2
	Antal mottatte søknader pr år	1	2	3	4
Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.	Ingen kostnad for liggedøgn	0	0	0	0
Vi skal ikkje ha vakante stillingar, ha personell med rett kompetanse	Prosentandel av personell som har relevant utdanning for stillinga ein går i	83 %	85 %	86 %	86 %
	Antal vakante stillingar over 20% i helse og omsorg	5	5	4	4
Auke kvalitet og kapasitet gjennom tenesteeffektivisering Vi skal yte effektive helsetenester ved at inbygarane nyttar i større del digitale løysingar	Antal tenestemottakarar som nytte digitale tenester	65	70	75	80
	Saksbehandling skal ikkje overskride forvaltningslovens reglar på området	0 %	0 %	0 %	0 %
Unge vaksne skal vera i utdanning eller jobb	Behov for sosialstønad for innbygarar mellom 18-24 skal gå ned	5,3 %	4,9 %	4,4 %	3,5 %
Bu lengst mogleg heime	Andel over 80 i institusjon	58 %	60 %	60 %	60 %

Kap. 8.4 Tekniske tenester

Samandrag budsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.bud	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Felles tekniske tenester (ikkje i bruk)	3	118	0	0	0	0	0
Teknisk drift	40 164	39 660	39 122	39 338	38 644	39 026	39 106
Næring plan og byggesak	11 851	11 975	12 461	14 072	12 905	13 105	12 605
Sum	52 018	51 753	51 583	53 409	51 548	52 130	51 710

Budsjettendringar:

Budsjetttramma viser nettoramme, dvs. utgifter med fråtrekk for inntekter og bruk av bundne fond, i praksis vil det seia nettobruk for "generaløkonomien". Sjølvkostområda skal vera 100% finansiert av gebyr for tenesta, og ev. avvik skal budsjetterast mot eigne sjølvkostfond slik at nettoramme blir kr 0.

Nedanfor følger dei viktigaste endringane i budsjettet.

Teknisk drift:

- Auka utleigeinntekter mv. med ca. 1 mill.
- Tilskot til VBR IKS er redusert med 200`, jf. økonomiplanen for selskapet, og justering etter at brannstasjonane vart flytta tilbake til kommunane. Det ligg inne ytterlegare innsparing i 2027-2028 med 500` - 700`, jf. ØP-25, etter venta samarbeid / effektivisering av vaktordning mv.
- Kommunale eigedomsavgifter er redusert med 600`, etter at det vart lagt inn eingongsutgift i 2025 til påkopling Tingvang / ØSUS i 2025.
- Praktisk bistand har fått redusert omfang etter tiltak i ØP-25, med 10` i 2026.
- Energikostnader er auka med 300`, etter at dei vart teke ned i 2025 med 600`, med bakgrunn i forventa straum-pris i 2026. Det er teke omsyn til fast pris på bustader (Norgespris) og flisfyring Tingvang og ØSUS.
- Serviceavtaler div.er auka som følgje av nye avtaler for nytt utstyr og høg prisstigning (jf. 2.tertial 2025-rapport).
- Det er ein liten reduksjon i vaktmeister bemanning (10% stilling).
- Vi har lagt inn auka inntekter (100`+20`) med bakgrunn i venta ny vegavtale med Skiferbrotet, og delvis utleige av hytta ved Bjødnhølen.
- Reduksjon i bemanning reinhald etter nytt innsparingstiltak (sjå nedanfor), med 353` i 2026, deretter 537`.
- Driftskostnadene for nytt helsehus mv. er innarbeidd i 2028 og 2029 med 592` og 672`.
- Løyving til ekstraavgifter for flyktningar er teke ned med 500`.

Næring plan og byggesak:

- Veterinæravtalen er forventa å koste kommunen 200` meir frå 2026.



- Det er lagt inn utgifter til omtaksering av eigedomsskatt med 800` i 2026 og 300` i 2027. Dette er ei vidareføring og justering av ØP-25, der vi la inn 800` i 2027. Vi tek sikte på å legge fram sak til politisk behandling tidleg 2026 og gjennomføre mykje av arbeidet i 2026. I arbeidet med saksframlegget vil det også bli vurdert nærare fordelinga mellom kjøp av tenester og internt arbeid i kommunen.

Sjølvkost-områda:

Nedanfor følger budsjett for det enkelte sjølvkostområde for 2026:

Budsjett 2026	Vatn	Avløp	Spreidd avløp	Oppmåling	Bygge-/delesak og private planforslag
Gebyrinntekter	16 797	22 565	300	701	4 300
Kostnader mv.	7 286	13 001	1 040	1 238	4 031
Kap kostnader	8 007	7 541	0	0	0
Sum kostn./gebyrgrunnlag	15 293	20 542	1 040	1 238	4 031
Overskot/underskot-	1 504	2 023	-740	-537	269
Årets dekningsgrad	110 %	110 %	29 %	57 %	107 %
Avset. (-) / bruk av bunde fond	-1504	-2 023	740	537	-269
Avsetjing (-) / bruk av disp fond	0	0	0	0	0
Sum mot fond	-1504	-2023	740	537	-269
Resultat	0	0	0	0	0
Balansen:					
Fond 31.12.2025P	-1 947	-1 860	740	884	-4 006
Fond 31.12.2026	-443	163	0	347	-3 737

Vatn og avløp:

Sjølvkost-områda skal bli finansiert 100% med gebyr frå abonnentane. Kalkylane viser at det er nødvendig med forholdsvis høg gebyrauke i 2026 og framover for å finansiere auka kostnader. For 2026 er det lagt fram gebyrliste med 10% prisauke for vatn og 10% for avløp.

Til grunn ligg investeringsplanen basert på handlingsplanen for VVA og seinare vedtak, og endra maksimale avskrivningstider jf. forskriftsending med verknad frå 1.1.2026, jf. omtale under sentralt kap. «Forutsetningar som er lagt til grunn i driftsbudsjettet». Med desse endringane blir dei planlagde tunge investeringane i VA infrastruktur fordelt over lengre levetid, og vil redusere avskrivings- og avdragsbelastninga dei næraste 40 år. Det gjer at gebyrauken blir noko mindre enn det den elles ville måtte bli for å finansiere dei planlagde investeringane. I kalkylane er det innarbeida auka rentekostnad og løns- og prisauke, og prognoser for tilkopling mv. Inntektene svingar mykje med mengde tilkoplingsavgifter. Desse er låge for tida, og som følgje av svikt i inntektene i forhold til kalkylen i fjor, har vi underskot til framføring per 2025. Vi har ikkje tru på vesentleg oppsving dei fyrstkomande åra.

Spreidd avløp:

For spreidd avløp ligg kommunen på etterskot med tilsyna som årsgebyret skal finansiere, og gebyret er på den bakgrunn sett til null for 2026. Vi reknar med å kome ajour, slik at vi frå 2027 tek gebyr for tilsyn.



Bygge-/delesak og private planforslag og oppmåling:

Gebyra for plan- bygge-/delesak og oppmåling er i hovudsak auka med 3 % utover ordinær prisstigning på 4 %, då lønnsveksten over tid har vore høgare enn gebyrauken. Det er også lagt fram enkelte nye gebyr, for å kompensere for meirarbeid vi har i ein del saker, og som ikkje har vorte finansiert tilfredsstillande med dagens gebyrstruktur.

For dei områda som ikkje har sjølvkostfond å tære på frå før, blir ev. underskot framført til inndecking seinare år ved å "låne" frå kommunen sitt disposisjonsfond. Det siste gjeld spesielt bygge-/delesak / private planforslag. På dette området er det spesielt utfordrande å få balanse mellom gebyrinntekter og arbeid/kostnader.

Nedanfor følger budsjettert utvikling i netto bruk/avsetning og saldo på bundne sjølvkostfond i planperioden.

Sjølvkostområder (6.11.2025)	Saldo fond 31.12.24 (R)	Saldo fond 31.12.25 (P)	Netto avsetning til fond 26 (B)	Saldo fond 31.12.26 (B)	Netto avsetning til fond 27 (B)	Saldo fond 31.12.27 (B)	Netto avsetning til fond 28 (B)	Saldo fond 31.12.28 (B)	Netto avsetning til fond 29 (B)	Saldo fond 31.12.29 (B)
Vatn	796	- 1 947	1 504	- 443	1 206	763	-	763	-	763
Avløp	- 241	- 1 860	2 023	163	3 742	3 905	559	4 464	- 1 639	2 825
Spreidd avløp	1 337	740	- 740	-	10	10	10	20	10	30
Oppmåling	1 337	884	- 537	347	- 325	22	-	22	-	22
Bygge/delesak og priv.planforslag	- 1 572	- 4 006	269	- 3 737	- 302	- 4 039	- 302	- 4 341	- 302	- 4 643
SUM	1 657	- 6 189	2 519	- 3 670	4 331	661	267	928	- 1 931	- 1 003
Saldo lån av disp.fond		- 7 813		- 4 180		- 4 039		- 4 341		- 4 643
Avsetn./bruk(-) av disp.fond				3 633		141		- 302		- 302

Innsparingstiltak

Vegavtale Skiferbrotet

Kommunen får etablert ny avtale med Skiferbrotet for drift og vedlikehald av veg. Det vil gje kommunen netto auka inntekter på ca. 100`.

Utleige Bjørnhølen

Vi vil leige ut hytta ved Bjørnhølen delvis frå og med 2026. Det er budsjettert utleigeinntekter netto med 20`.

Redusere bemanning innan reinhald

Vi vil redusere bemanning innan reinhald med ca. 0,6 årsverk med verknad februar 26, og med ytterlegare ca. 0,2 årsverk frå 2027. Heilårseffekt av tiltaket på 0,8 årsverk i 2027 utgjer ca. kr 537`.



Tiltaket kan bli gjennomført ved å la vera å tilsetje i vakante stillingar, ved naturleg avgang og omrokking på reinhaldsoppgåver. Reinhaldstenesta vurderer det forsvarleg å redusere reinhaldet:

- Med 20% på kommunehuset Tingvang, i tråd med tiltak som vart vedteke i økonomiplanen for 2025, men ikkje iverksett som fast ordning enda.
- Med 20% på helsetunet/heimehjelp. Redusere frekvensen på pasientrom med bad på alle tre avdelingar, frå 4 til 3 gonger per veke.
- Med 22,98% på ØSUS. Redusere frekvens fra 5 til 3 gonger pr veke for klasserom til 8., 9. og 10. trinn. Tiltaket forutset at det blir montert enkle skohyller og at det blir nytta innesko i undervisningsrom.

Utfordringar og strategi

Analyser og utfordringar

A.1 Demografisk utvikling

Vi viser til kapittel om utvikling i befolkning. Vi har siste åra hatt svak befolkningsvekst og vekst i tal deltidsinnbyggjarar. Auka tal innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar vil gje behov for auka kapasitet til planlegging og utbygging av kommunal infrastruktur, frå utarbeiding av reguleringsplanar, planlegging, utbygging og drift av veg, vatn og avløp, oppmåling, handsaming av byggjesaker mv. Målsetting om årleg vekst på 1% i talet på deltidsinnbyggjarar og ei dobling av talet på gjestedøgn på Beitostølen fram til 2035, slik det er formulert i samfunnsdelen, vil også sette krav til omfang og kvalitet på tenestene innan teknisk sektor.

Handlingsdelen av VVA-planen vart revidert i 2021. VVA-planen skal reviderast når kommuneplanen er vedteken. Vi har ambisiøse planar for utbygginga av sikrare vassforsyning, auka kapasitet på avløpsreinsinga og utbygging av VA-leidningsnettet både i hytteområde og i bygda. Handlingsplanen vil legge til rette for å kunne nå målet om 1% årleg vekst i innbyggartal og deltidsinnbyggartal.

A.2 Områda

Næring

Kommunen vedtok i 2021 ny samfunnsplan. Gjennom planen sin næringsstrategi og mål om næringsutvikling har vi fått eit grunnlag for eit langsiktig og målretta næringsutviklingsarbeid. Planarbeid og arealbruk er kommunen sitt viktigaste verktøy i næringsutviklingsarbeidet. Utvikling mot ei meir målretta sentrumssatsing har gitt gode resultat, og vi ynskjer å gå vidare og forsterke dette arbeidet, både på Beitostølen og på Heggenes. Gjennom revideringa av kommuneplanens arealdel er det lagt til rette for regulering av nye næringsareal på Raudbrøtmoen og i Mørken. Det er varsla oppstart på reguleringsplanen for Raudbrøtmoen i 2025. Reguleringsplanarbeidet er igangsett, og vil halde fram i 2026.

I vedteken sti- og løypeplan heiter det at «Administrasjonen vil, når sti- og løypeplanen er godkjent vurdere foreinklingar i systemet og ta ein grundig gjennomgang av kartverk, revidere talet på løypemeter på kvar eigedom, opprette nye avtaler der det er etablert ny løype, og fjerne løyper som ikkje lenger blir preparert.» På bakgrunn av dette, og utfordringar knytt til oppsagte løyepavtaler, har kommunen i 2025 vedteke ein ny avtalemal for bruk av grunn til løyper. Avtala er løpande, med 3 års oppseiingstid. Det er lagt opp til moglegheit får årleg utbetaling eller eingongsutbetaling. Arbeidet Økonomiplan 2026-2029 vedteke i KS-60/25



med å få underskrifter er i gang, og vil halde fram i 2026. Beitostølen-området er prioritert fyrst. Innføring av eigedomsskatt har gitt kommunen musklar til ei satsing på næringsområdet, og vi held fast på å nytte midlane til ulike fellestiltak som dei fleste næringsverksemdar har nytte av.

Kommunen har etablert ordningar med økonomiske verkemiddel som forsterkar eksisterande BU-ordning i landbruket. Dette har resultert i fleire nybygg. Ordninga er revidert hausten 2025. Beitebruksplan 2025-2029 er vedteken i 2025, og det er også utarbeidd ein tilleggsdel for Hedalsstølane og Javnlieområdet, i tråd med tidlegare kommunestyrevedtak. Satsingsområdet denne har vore tiltak for å betre beiteforhold og dempe konflikt knytt til ferdsel.

Gjennom Klima+-prosjektet har vi inngått intensjonsavtalar med utbyggjarar. Sjølv om prosjektet er ferdig vil klima+-arbeidet sikrast i vidare planarbeid i kommunen ved å utvikle klimarelaterte føresegnar. Dette set også rammene for ein viktig del av framtidige utbyggingsavtalar. Vi har starta arbeid med ein handlingsplan for vidareføring av klimaarbeidet.

Plan

Kommuneplanens arealdel er under sluttbehandling, og følgjande ligg til grunn i revideringa:

- Sikre tilstrekkeleg areal for næringsformål og bustadformål i heile kommunen
- Styrke Heggenes som kommunesenter og dei urbane kvalitetane i Beitostølen sentrum
- Vere godt tilrettelagt for alle, uavhengig av funksjonsnivå
- Stille tydelegare miljø- og klimakrav til nye område som skal byggast ut
- Fortette i allereie bebygde område for å redusere behovet for å ta i bruk nytt areal
- Etablere ei utbyggingsgrense som går gjennom heile kommunen
- Ta utbyggingsområde for fritidsbustader frå eksisterande kommuneplan/kommunedelplanar og tilbakeføre dette til LNFR-område.

Byggesak, oppmåling og spreidd avløp

Samanlikna med tidlegare år er det færre byggesaker for større tiltak inn i 2025. Det har vore relativt høg aktivitet på mindre tiltak og generelle spørsmål knytt til byggesak. Det har vore meir arbeid knytt til ulovlegheitsoppfølging, samstundes som det vart gjennomført godt med tilsyn i høve til einskilte byggesaker. Matrikkelen er godt oppdatert i høve til bygg. Det er ikkje gjennomført nok tilsyn på spreidd avløp. Det er no tilsett ein sakshandsamar i 100 % stilling på spredt avløp, som i 2026 vil gjennomføre tilsyn som normalt for å ta att tidlegare etterslep.

Vatn og avløp

Vi har tilsyn frå Statsforvaltaren, Mattilsynet og gjennomfører eigenkontroll innan vassforsyning og avløp. Det er få eller ingen avvik i desse tilsyna/eigenkontrollen, noko som tyder på god kvalitet. I internkontrollen er det laga ROS-analysar og prosedyrar.

I årsrapporten for Beito RA står det følgjande; *Anlegget overholder alle rensekrav i 2024. Analyseresultatene ellers gjennom året, tyder det på at både det kjemiske og biologiske trinnet driftes veldig godt.* I årsrapporten for Nedrefoss RA står det følgjande; *I 2024 overholder Nedrefoss ra renskravene total fosfor, men ikke til organisk stoff som BOF5. 9 av 12 prøver overholder ikke kravet på 40 mg/l BOF5 i utløpet. Anlegget har ikke biologisk rensetrinn, og det er derfor vanskelig å overholde renskravet på BOF5.*

Overføring av avløpsvatn frå Beitostølen til nye Nedrefoss RA er ei stor satsing. Det er sendt søknad om nytt utsleppsløyve og Statsforvaltaren har gjeve førebels uttale. Vassdrag nedstrøms resipienten



legg avgrensingar i tal pe (personekvivalenter) som kan tilførast i Volbufjorden. Det er difor naudsynt med fleire vassprøver og vurderingar før Statsforvaltaren kan gje klarsignal for eit nytt reinseanlegg ved Nedrefoss.

Samstundes samarbeider vi med Vestre Slidre kommune og Nord-Aurdal kommune om eit forprosjekt på felles reinseanlegg. Eit felles reinseanlegg i lag med desse kommunane vil gje tilgang på ein betre resipient og betre forutsetningar for å lykkast med dei nye reinsekrav. Eit interkommunalt samarbeid i VA sektoren vil også danne grunnlag for eit større kompetansemiljø som er viktig i møte med utfordringane som sektoren står ovanfor, både innanfor kapasitet, reinsekrav, beredskap og rekruttering.

Kommunen har heimel til å krevje tilkopling til offentlig nett om kostnadane til bygging av private stikkleidningar ikkje blir for høge. Rettspraksis har vist kostnader til privat stikkleidning på kring kr 250.000. Dette er eit arbeid som vil bli vidareført i 2026.

Kommunen overheld ikkje konsesjonsvilkåra for uttak av vatn frå Olevatnet. Ein søknad om revisjon av konsesjonsvilkåra er sendt inn til NVE og er under handsaming. Det vil framleis vera viktig å redusere lekkasjane for å redusere vassforbruket frå Ole vassverk.

FDV (forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg)

Det vert gjennomført jamlege branntilsyn av føremålsbygga, og avvik vert fortløpande retta. Kommunen nyttar eit FDV-system som blir jamleg oppdatert med ny dokumentasjon, aktivitetar og avvik. Nye bygg har mykje meir «tekniske» installasjonar som kan vere dyre og vanskelege å drifte. Ein konsekvens er auke i talet på serviceavtaler og bruk av innleigd kompetanse. Dei siste åra har kommunen fått eigarskapet til Løken gard og kjøpt fleire bustadhus. Den gamle sjukeheimen er framleis i kommunalt eige sjølv om det nye Helsetunet er teke i bruk. Omfanget av eldre bygningsmasse kommunen har ansvar for er difor stort.

Vi ser eit særleg behov for å gjennomføre førebyggjande vedlikehaldstiltak, og tiltak som reduserer energibruken i dei kommunale bygga. Dette vil ha ein langsiktig positiv verknad på kommuneøkonomien. Auka behov for vedlikehald og tilrettelegging i samband med busetting av flyktningar er tidkrevjande. Det medfører redusert ettersyn og kontroll av resten av bygningsmassen.

Veg

Asfaltering av vegen i næringsområdet ved Raudbrøtmoen er etterspurt av næringsverksemda og vart gjennomført i 2025. Ekstraordinært vedlikehald som følgje av flaumskade kan medføre høgare driftsutgifter ved vårløysinga og på hausten.

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2023	Øystre Slidre 2024	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	33,4	49,5	22,9	18,2
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	3 214	3 926	2 371	2 294
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *)	249 073	241 290	128 600	204 735

**Produktivitet**

Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) *)	6 791	6 698	1 728
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	5	12	25
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) *)	9 635	10 656	1 494
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *)	7 652	8 758	7 376
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (kr) *)	5 549	6 342	6 270

Dekningsgrad

Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (prosent)	53,1 %	52,9 %	83,7 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning	21,0 %	20,9 %	83,0 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	60,4 %	60,2 %	87,1 %
Vann - Andel av husholdningsabonnentene som har installert vannmåler	85,0 %	85,0 %	43,5 %

Kvalitet

Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *)	619	659	743
---	-----	-----	-----

Grunnlagsdata (Nivå 3)

Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr) *)	17 975	18 165	15 083
--	--------	--------	--------

Andre nøkkeltal

Samlet energibruk i adm.lokaler, egne bygg, per m2, konsern	239	138	263
Samlet energibruk i komm. institusjonslokaler, egne bygg, per m2, konsern	160	141	187
Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m2, konsern	164	162	115

Kommunekasse

Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) (Kommunekasse) *) **)	68	-87	341
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse) *) **)	141	148	134

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Sakshandsamingstid (under Kvalitet)

På dette området ligg kommunen i 2024 godt under snittet både i kostragruppa og i heile landet utanom Oslo. Det er også ein vesentleg nedgang sidan 2023. Årsaka til dette er at vi er ajour på alle byggesaker etter vakanse på avdelinga i 2022 og 2023, og at det er mindre aktivitet som gir utslag i færre søknadar.

Byggesaksgebyr for oppføring av einebustad (under Grunnlagsdata)

Byggesaksgebyret for einebustader har auka frå 2023 til 2024. Vi ligg framleis godt over gjennomsnittet i kostragruppa, og ligg over gjennomsnittet for landet utanom Oslo.

Tilrettelegging og bistand for næringslivet (under Prioritet)

Kommunen nyttar ein betydeleg sum til støtte og bistand for næringslivet. Vi ligg høgare enn kostragruppa og landet utanom Oslo, både når vi ser på brutto driftsutgifter i prosent av totale utgifter (1,3 % mot 1,0% og 0,5%) og beløp per innbyggjar (2.004,- mot 1.332,- og 532,-). Vi viser til omtale under tekniske tenester, og oversikt over næringsmessig bruk av eigedomsskatt i vedlegg til årsrapporten.

Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling (under Prioritet og Kommunekasse)

Kommunen brukar framleis meir på dette området enn snittet i kostragruppa og landet utanom Oslo. Det blir nytta mykje midlar på ei støtteordning som supplerer tilskot frå Innovasjon Norge i byggesaker for driftsbygg.



Naturforvaltning og friluftsliv (under Kommunekasse)

Her ligg vi ein god del høgare enn kostragruppa og landet utanom Oslo. Kommunen gjev bl.a. mykje tilskot til løyper og stiar, som ligg under denne funksjonen.

Utrykningar til brannar og anna (under Prioritet)

I tabellen for kostra står det 49,8 utrykningar pr 1000 innbyggjer – dette er feil. Korrekt tal jamfør årsrapporten til Valdres brann- og redningstjeneste IKS er om lag 30. Talet på utrykningar har gått litt ned frå 2023, men er høgare enn kostragruppe 4 og landet utanom Oslo. I Øystre Slidre kommune er det eit stort tal utrykningar til automatiske brannalarmer som ikkje er reell brann, blant anna til Beitostølen grunna stor reiselivs- og hytteaktivitet. Dette dreg opp snittet per innbyggjarar i forhold kostragruppene og andre kommunar i Valdres. Vi viser elles til årsrapporten til selskapet

www.valdresbrannvesen.no.

Årsgebyr for feiing (under Kvalitet)

Årsgebyr for feiing ligg lågare enn kostragruppa, men litt høgare enn landet (utan Oslo).

Vatn og avløp (under Prioritet, Produktivitet og Dekningsgrad)

Øystre Slidre kommune har høg aktivitet på investeringsprosjekt, store avstandar og fleire vassverk og reinseanlegg å drifte. Vi er ein kommune med få innbyggjarar og mange hytter. Det tek noko tid før alle er tilkopla til nye anlegg. Dette er faktorar som bidreg til relativt høge driftsutgifter per innbyggjar og per tilknytta innbyggjar i forhold til kostragruppe 4 og landet utanom Oslo. Gebyrnivået er litt høgare enn kostragruppe 4 og landet utanom Oslo. Del av befolkninga som er knytt til kommunalt vatn og avløpsanlegg ligg godt under landet (utan Oslo), og ligg også under kostragruppa. Vi har vedteke planer om å auke delen knytt til kommunale anlegg. Ein stor del (95%) av abonnentane i Øystre Slidre har installert vassmålar, dette bidreg til rettferdig fordeling av dei variable utgiftene.

Kommunale bustader (under Prioritet)

Brutto driftsutgifter for kommunale bustader per innbyggjar har auka frå 2023 til 2024. Kommunen sine kostnader per innbyggjar er høgare enn kostragruppe 4 og også høgare enn landet (utan Oslo). Kommunen har ein stor del eldre bustader, noko som bidreg til høgare utgifter. Kommunen har også teke imot og busett flyktningar både i 2022, 2023 og 2024, noko som bidreg til vesentleg høgare kostnad for kommunale bustader per innbyggjar. Dei auka kostnadene knytt til flyktningebustader er kompensert frå staten ved auka integreringstilskot.

Kommunal veg (under Prioritet)

Driftsutgiftene til kommunale vegar per km ligg godt over kostragruppe 4 og landet utan Oslo. Våren 2024 var det veldig høge utgifter til vintervedlikehald av kommunale vegar på grunn av store mengder snø. Det resulterte i høge brøyteutgifter.

Kommunale bygg (under Kommunekasse), m.a. energikostnader (under Produktivitet)

Netto utgifter per m2 til administrasjonslokale og skulelokaler har gått opp i 2024 og ligg no over kostragruppe 4, men under landet utanom Oslo. Det er gjort noko meir vedlikehald i 2024 enn dei fleste år. Vi nemner bl.a. renovering av kantina på kommunehuset, ombygging låsesystem på ØSUS, ombygging av klasserom/grupperom på Lidar skule, og tilkoplingsavgifter for kommunalt vatn ved kommunehuset og ØSUS. Lågare straumprisar og mild haust bidreg til lågare utgifter, men kompenserer ikkje for auka vedlikehaldskostnader.

Netto utgifter per m2 til institusjonslokale ligg på same nivå som 2023, over kostragruppe 4, men under landet utanom Oslo. Det har ikkje vore særskilte forhold med bygget i 2024.

Mål

Mål	Indikator	Resultat 2024	Ønska resultat 2026	Ønska resultat 2027	Ønska resultat 2028	Ønska resultat 2029
Hovudmål:						
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.						
Delmål:						
Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Rutinar fulgt (1=ok, 2=ikkje ok)	1	1	1	1	1
	ROS-analyser (1=ok, 2= ikkje ok)	1	1	1	1	1
Vi vil vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023	Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023 (10,6%)	7,6 %	7,6 %	7,6 %	7,6 %	7,6 %
Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenestekområda i kommunen.	Innanfor budsjett	101,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.feb. kvart år.	Del av bygningar som er lagt inn i matrikkel før 1.februar	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år.	Antal tilsyn spreidd avløp	0	10	10	10	10
Vi skal halde alle fristane i plan- og bygningslova for byggesaker.	Antal søknader med saksbehandlingstid over lovpålagt tid	6	0	0	0	0
Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA-leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg.	Alle bustader og fritidsbustader som har ein kostnad for framføring og tilknytning på under kr 300.000, skal knyttast til komunal VA-anlegg.		90	90	90	90
Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får vatn av tilfredsstillande kvalitet.	Ecoli: Andel reintvannprøver med tilfredsstillande prøveresultat	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %



Farge: Andel reintvannprøver
med tilfredsstillande
prøveresultat

100,0 % 100,0 % 100,0 % 100,0 % 100,0 %

Hovudmål:

**Øystre Slidre skal ha positiv
folketalsutvikling, vere blant dei
beste kommunane på
næringsutvikling og berekraftig
ressursutnytting og, med
Beitostølen som motor, vere det
leiande heilårs reisemålet i
landet.**

Delmål:

Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.	Tal på nye driftsbygningar med ferdigattest i året	2	2	2	2	2
Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen.	Arealdelen av kommuneplanen er revidert - ja=1, nei=2		1			
Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringseigedomar og bustadtomter for sal.	Kommunen har kommunale næringseigedomar og bustadtomter for sal - ja=1, nei=2	1	1	1	1	1
Vi skal til utarbeide kommunedelplan for naturmangfald (2026)	Kommunen har vedteke planprogram for kommunedelplan for naturmangfald - 1=ja, 2=nei	1	1			

Vedlegg 1 Næringsmessig bruk av eighetsskatt

Kommunestyret vedtok i KS-58/22 følgande handlingsregel for bruk av eighetsskatteinntekter frå bustader/fritidsbustader:

Eighetsskatten frå bustader/fritidsbustader skal nyttast slik: 40% til kommunal drift og investering og 60% til næringsutvikling i heile kommunen. Næringsutvikling omfattar bl.a. utbygging av infrastruktur, fellesgodefinansiering av stiar og løyper m.v., næringsutviklingsprosjekt, tiltak innan landbruk og reiseliv og regionale utviklingstiltak. Kommunen kan i økonomiplanen bruke meir/mindre det enkelte år ut frå ei vurdering av den økonomiske situasjonen.

For 2026 estimerer vi at eighetsskatt for bustader/fritidsbustader, gitt at kommunestyret vedtek skattesats på 4 promille, blir kr 25.323`. 60% av dette utgjør kr 15.194`. Det er dette beløpet som skal budsjetterast som driftsutgift i økonomiplanen for 2026. Ev. beløp som ikkje blir budsjettert eller nytta til konkret tiltak i 2026 blir avsett til fond. Ev. bruk som overstig dette beløpet blir finansiert av fond, så lenge det er pengar på fondet.

Nedanfor følgjer budsjettert bruk og avsetning av eighetsskatteinntekter for komande planperiode:

1 Regionale næringssamarbeid

- Løyvinga til Valdres Natur og Kulturpark (VNK) kommunalt oppgåvefellesskap er i 2026 i samsvar med VNK-KO sitt budsjett og vedteken avtale om fordeling mellom kommunane. Kommunane i Valdres delfinansierer Visit Valdres (VV) med eit årleg tilskot. Beløpet vert fordelt mellom Valdres-kommunane etter vedteken kostnadsmodell. VNK vil tidleg i 2026 ha gjennomført fase II i regional organisering, og m.a. vurdere kva som er ei tenleg organiseringa av det regionale næringsapparatet i Valdres (VNK, VV og Valdres Nærings-hage). Framtidig finansiering av det regionale næringssamarbeidet kan bli endra som følgje av konklusjonane i fase II, og mottakar av tilskotet er difor ikkje fastsett frå og med 2027. Tilskotsnivået kan også bli endra som følgje av endra organisering.

2 Kommunale næringsprosjekt/prosjektdeltaking

- Beitostølen utvikling SA, Beitostølen Resort, Beitostølen Invest AS og kommunen har etablert selskapet Beitostølen Fellesgoder AS. Føremålet med selskapet er å sikre finansiering av utvikling, drift og tilrettelegging for bruk av fellesgode på Beitostølen. Nærings- og kommunen har i desember 2025 blitt samde om revidert aksjonæravtale, der kommunen har plikta seg til minemun å kjøpe tenester for 2 mill. i året. Avtalen bygger på noverande aksjonæravtale, men det er presisert at dei økonomiske pliktene eigarane har om kjøp av tenester frå selskapet er eks. mva og at midlar som kjem frå utbyggingsavtalene til m.a. drift av stiar og løyper kjem i tillegg til det årlege kjøpet av tenester frå eigarane. Det har ikkje vore mogleg for næringslivet å plikte seg til å kjøpe tenester for 3 mill. kroner frå 2026, men det er ei målsetting å kome dit. Det er opne for at eigarane kan tilføre selskapet inntekter til drift og utvikling av fellesgoda. Kommunen vil på denne bakgrunn beheld ramma på 3 mill. eks mva frå kommunen til kjøp av tenester frå BFG, slik at kommunen kan dekke sin 50% til utvikling og drift av fellesgoda, inntil taket på 3 mill. Det er fellesgode-prosjekt som styret i BFG prioriterer og som også inne på 10 på topp lista i økonomiplanen til kommunen som kommunen vil bidra med midlar til ut over dei 2 mill. som årleg skal løyvast til BFG med bakgrunn i revidert aksjonæravtale.
- I utkast til revidert arealplan er Liastølen Kultursenter peika på som eit viktig identitetsskapande parkområde for allmenta på Beitostølen. Kultursenteret vert drifta av Liastølen



Kulturlag. Kulturlaget arbeider for tida med å sikre langsiktige avtalar om tilgang på grunn og utviding av innhaldet på Liastølen Kultursenter, m.a. med flytting av Legohuset til kultursenteret. Det vert sett av 200' til utvikling av Liastølen Kultursenter i 2026, og ev. ubrukt løyving i 2025 vert overført til 2026. Det vert lagt til grunn at Liastølen Kulturlag også finansierer utviklingstiltaka gjennom støtte frå andre.

- Kommunestyret har gjort vedtak om å arbeide vidare med sikte på etablering av eit besøkssenter for Jotunheimen og Langsua nasjonalparker, jf. K-sak 44/25. Statsforvaltaren planlegg høyring av eit verneplanforslag i første halvdel av 2027. Etablering av eit besøkssenter vil vera knytt til eit eventuelt utvida vern. Det vert sett av 500' i 2028 til arbeidet med etablering av eit besøkssenter. Det vert lagt til grunn at informasjonssenteret skal drivast utan årlege løyvinga til drifta av senteret frå kommunen.
- Husleige info-senter som nasjonalparkkommune og drift av torg på Beitostølen er løyving i samsvar med tidlegare kommunestyrevedtak og inngåtte avtalar. Leigeavtalen for informasjonssenteret går ut pr.31.4.2026 og den vert ikkje forlenga.
- Kommunen vil søkje å erstatte avtale om drift av torg/toalett i Beitostølen sentrum med eingongsstøtte til utvikling av Beitostølen sentrum, noko kommunedirektøren ev. vil fremme som sak for kommunestyret.
- Dekking av kapitalkostnadene knytt til lånefinansiert del av investeringane ved Finntøppvegen iinkl.turveg/skiløype og gang- og sykkelveg langs Beitostølvegen. Lånefinansiert del utgjer 2.497`, 6.800`, 11.700` og 4.900` i planperioden. Kapitalkostnadene utgjer omlag: 58`, 327`, 903` og 1.550` i planperioden.

3 Næringsutvikling i landbruk

- Det vert sett av midlar til ekstra støtte over BU-ordninga på kr 1.000` årleg til tiltak i landbruket som er i samsvar med retningslinene for denne ordninga.
- Det vert sett av 300' til oppfølging av beitebruksplanen i 2026, og ev. ubrukt løyving i 2025 vert overført til 2026.

4 Gjennomføring av sti- og løypeplan

- Løyvingane til støtte til løypekøyring og løypeleie er vidareført i planperioden. Frå 2022 er tiltak til utvikling av stiar og løyper på Beitostølen lagd inn i ramma for Beitostølen Fellesgoder AS. Det vert ut over dette nytta 523` årleg til støtte til løypelaga til drift og utvikling av sti- og løypenettet og 430` årleg til løypeleige.
- Tursti-merking. Det er frå 2026 sett av kr 20` årleg til tursti-merking. Dette arbeidet skjer av folkehelse-koordinator i tett samarbeid med Valdres Friluftsråd om bl.a. prosjektet Friluftslivets ferdselsårer. Det er så langt kartlagt ca. 25 turmål i Øystre Slidre som er rydda, merka og GPS-tracka, og fleire av desse turmåla er marknadsført på Ut.no. Vi er ikkje ferdig med dette arbeidet og for enkelte turmål blir det utgifter til bl.a. nye skilt.

5 Beitostølen stadion

- Løyvingane til arrangements-koordinator og leie av stadion er vidareført i samsvar med inngåtte avtalar.

6 Frie midlar

- Det er sett av 200` årleg for formannskapet sin disposisjon til prosjekt/føremål som ut frå erfaring dukkar opp i løpet av eit år. Det vert lagd til grunn at prosjekta som kan støttast har ein klar nærings- og busetnadsprofil.

7 Investeringar

- Desse tiltaka er omtalt under investeringskapittelet.



Bruk av eigedomsskattinntekter til nærings- og utviklingsføremål	2026	2027	2028	2029
Drift:				
1. Regionalt nærings samarbeid				
VNK	936			
Visit Valdres	523			
Framtidig regionalt nærings samarbeid		1 460	1 460	1 460
2. Kommunale næringsprosjekt og samarbeidsprosjekt				
Fellesgodefinansiering Beitostølen	3 000	3 000	3 000	3 000
Utvikling av Liastølen Kultursenter	200			
Nytt besøkssenter for Jotunheimen og Langsua nasjonalparker			500	
Husleige informasjonssenter nasjonalparkkommune	167			
Drifta av torg på Beitostølen	600	600	600	600
Finanskostnader av lånefinansiert del av Finntøppveg - Tjednbakkvegen	58	327	903	1 550
3. Næringsutvikling landbruk				
Ekstra støtte innan BU-ordninga	1 000	1 000	1 000	1 000
Oppfølging beitebruksplan	300			
4. Gjennomføring av sti og løypeplan				
Støtte til løypekøyring /drift og vedlikehald av løypetrasear (utanom Beitostølen)	523	523	523	523
Løypeleige	430	430	430	430
Tursti-merking	20	20	20	20
5. Drift og utvikling av Beitostølen stadion				
Arrangementskoordinator	183	183	183	183
6. For fordeling i budsjettåret				
Næringsstøtte, disp for formannskapet	200	200	200	200
SUM Drift	8 139	7 743	8 819	8 966
7. Investeringar:				
Furustrand friluftsområde	2 317			
Utlån til BSL	-950	-950	-950	-79
Delfinansiering Finntøppveg - Tjednbakkvegen	7 000	6 600	2 000	2 000
Fleifunksjonstrase Stølsle - Gardlie	500	5 000		
Fortau Helsetunet - Bygdinvegen		275		
Opparb.næringsområde Raubrøtmoen	4 000			
Opparb.næringsområde Mørken			4 000	
Innløysing av nær.areal ism.rev.KPA, bl.a. Mørken		2 000	2 000	
SUM Investeringar	12 867	12 925	7 050	1 921
Samla bruk eigedomsskatt	21 006	20 668	15 869	10 887
60% av e-sk innt bustad/fritidsbustad (avset til fondet)	15 194	15 194	20 594	20 594



Vedlegg 2 Gebyrliste

Opplæring og kultur

210 Skule /SFO

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
210.01 Elevar i 1., 2. og 3. klasse har 12 timar gratis SFO i veka		0	0	0	0%	
210.02 SFO er gratis for elevar på 5.-7.trinn med særskilte behov.		0	0	0	0%	Søknadsbasert
210.03 Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga						Ingen skal betale meir enn 6% av hushaldet si samla inntekt for SFO-plass. Reduksjonsordningane er søknadsbaserte, inntekt må dokumenterast.
211 Over 15 timar/veke	per måned	2 849,00	2 949,00	100,00	3,51%	
212 8-14 timar/veke	per måned	2 281,00	2 361,00	80,00	3,51%	
213 0-7 timar/veke	per måned	1 480,00	1 532,00	52,00	3,51%	
215.0 Matpengar SFO	per dag	0,00	0,00	0,00	0,00%	Born har med matpakke frå 2026.

230 Barnehage

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
230.01 Maksimal betalingssats						Satsar for året blir regulert når ny maksimal sats blir vedteken sentralt.
230.02 Gratis kjernetid	per veke					Alle 2-, 3- 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart som bur i hushald med låg inntekt har rett til 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke. Stortinget fastset inntektsgrensa.
230.03 Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga	per år					Ingen skal betale meir enn 6% av hushaldet si samla inntekt for barnehageplass. Reduksjonsordningane er søknadsbaserte, inntekt må dokumenterast. Stortinget fastset inntektsgrensa.
231.2 5 dagar/veke	per måned	700,00	700,00	0,00	0,00%	
232.2 4 dagar/veke	per måned	623,00	623,00	0,00	0,00%	
233.2 3 dagar/veke	per måned	518,00	518,00	0,00	0,00%	
234.2 Einskilddagar/ekstradagar	per dag	101,00	101,00	0,00	0,00%	
235 Matpengar barnehage	per dag	22,00	23,00	1,00	4,55%	
236 For sein henting - ved 2. og 3. gongs forsinking inntil 15 minutt	per gong	300,00	300,00	0,00	0,00%	Fastsett i sak 15/407, fast pris.



Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
237 For sein henting - ved fleire gonger eller lengre forsinkingar	per gong	500,00	500,00	0,00	0,00%	Fastsett i sak 15/407, fast pris.
238 Søskenmoderasjon - for barn nr. 2	% reduksjon av ordinær betalingssats for aktuell plass, jf. forskrift om foreldrebetaling i barnehager	30%	30%			
239 Søskenmoderasjon - for barn nr. 3 eller fleire	% reduksjon av ordinær betalingssats for aktuell plass, jf. forskrift om foreldrebetaling i barnehager	100%	100%			

250 Kulturskulen

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
251 Ordinær kulturskuleundervisning	per semester	2 134,00	2 208,00	74,00	3,47%	
252 Kulturskuleundervisning - pris for vaksne	per semester	2 883,00	2 984,00	101,00	3,50%	
253 Kunstfag inkl.materiell	per semester	2 134,00	2 208,00	74,00	3,47%	
254 Undervisning langleik	per semester	1 546,00	1 600,00	54,00	3,49%	
254.2 Gruppeundervisning dans o.l.	per semester	1 546,00	1 600,00	54,00	3,49%	
255 Samspelgrupper (kor, band o.l.)	per semester	1 176,00	1 217,00	41,00	3,49%	
256 Teater	per semester	1 773,00	1 835,00	62,00	3,50%	
257.A Tillegg - utvida undervisningstid (30 min)	per semester	510,00	527,00	17,00	3,33%	
257.B Tillegg - fordjupningstilbod (40 min)	per semester	1 030,00	1 066,00	36,00	3,50%	
258 Søskenmoderasjon - for barn nr. 2	% reduksjon av ordinær betalingssats for aktuell plass	20%	20%			
259 Søskenmoderasjon - for barn nr. 3 eller fleire	% reduksjon av ordinær betalingssats for aktuell plass	50%	50%			

280 Integreringstenesta

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
280 1.5 Administrasjonsgebyr for digital norskopplæring	Per kurs	0,00	200,00	200,00	0,00%	Adm .gebyr ved oppstart av digital opplæring som kjem i



Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring		Merknad
				i kr	i %	
tillegg til prisen frå ekstern leverandør.						
280.1.1 Norskopplæring for dei som ikkje har rett på å få det gratis - 1-5 timar/veke	Timespris ved 1-5 timar/veke	70,00	70,00	0,00	0,00%	
280.1.2 Norskopplæring for dei som ikkje har rett på å få det gratis - 6-10 timar/veke	Timespris ved 6-10 timar/veke	70,00	60,00	-10,00	-14,29%	
280.1.3 Norskopplæring for dei som ikkje har rett på å få det gratis - 11-15 timar/veke	Timespris ved 11-15 timar/veke	70,00	50,00	-20,00	-28,57%	
280.1.4 Norskopplæring for dei som ikkje har rett på å få det gratis - 16+ timar/veke	Timespris ved 16 timar eller meir per veke	70,00	45,00	-25,00	-35,71%	
280.3.1 Privatist som tek norsksprøve - munnleg prøve	Per prøve	1 000,00	1 000,00	0,00	0,00%	
280.3.2 Privatist som tek norsksprøve - skriftleg prøve	Per prøve	600,00	800,00	200,00	33,33%	Alle tre skriftlege delprøver
280.3.3 Privatist som tek norsksprøve - enkelt delprøve skriftleg	Per prøve	400,00	400,00	0,00	0,00%	
280.3.4 Privatist som tek samfunnskunnskapsprøve	Per prøve	600,00	800,00	200,00	33,33%	
280.5.1 Transport med kommunen sin minibuss - 1 sone	per tur	27,00	0,00	-27,00	-100,00%	
280.5.2 Transport med kommunen sin minibuss - 2 soner	per tur	36,00	0,00	-36,00	-100,00%	



Kommunedirektør, stab, fellestenester

100 Vigsel

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
1.0 Vigsel						Alle gebyr for vigsel inkluderer medgått tid til vigsel og saksbehandling, klargjering og reinhald av sal. Gebyra skal bli fakturert og betalt i forkant av vigsel.
1.01 Vigsel på kommunehuset i opningstid, for busette i andre kommunar	per gong	1 666,00	1 725,00	59,00	3,54%	
1.02 Vigsel på kommunehuset utanfor opningstid, for busette i kommunen	per gong	0,00	1 725,00	1 725,00	0,00%	
1.03 Vigsel utanfor kommunehuset	per time	0,00	1 725,00	1 725,00	0,00%	

110 Sals- og skjenkeløyve, kunnskapsprøver, tilsynsavgift tobakk mv

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
1.1 Skjenkeløyve - ambulerande	per løyve	sjå forskrift	sjå forskrift			Gebyr blir fastsett i forskrift. https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§6-2
1.2 Skjenkeløyve - alminneleg	per løyve	sjå forskrift	sjå forskrift			https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§6-2
1.3 Salsløyve	per løyve	sjå forskrift	sjå forskrift			https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§6-2
1.4 Kunnskapsprøve	per prøve	sjå forskrift	sjå forskrift			https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§5-6
1.5 Etablererprøve	per prøve	400,00	400,00	0,00	0,00%	https://lovdata.no/forskrift/2000-01-18-46
1.6 Tilsynsavgift for sal av tobakk		sjå forskrift	sjå forskrift			https://lovdata.no/forskrift/2017-09-21-1446/§33

120 Innkreving mv

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endrin g i kr	Endrin g i %	Merknad
2.01 4 like fakturerings-terminar for eigedomsskatt og årsgebyr vatn, avløp, renovasjon og feiing/tilsyn						Årssum blir fordelt og fakturert i fire like terminar; ca.10.feb., 10.mai, 10.aug. og 10.nov. Avrekning for vatn og avløp kjem i tillegg med på faktureringa 10.feb.
2.1 Forseinkingsrenter (morarente)	sjå forskrift	sjå forskrift				https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2022-06-24-1178



Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endrin g i kr	Endrin g i %	Merknad
2.2 Purregebyr 1. gong - sjå forskrift	per purring	1/20 av inkassosatse n	1/20 av inkassosatse n			https://lovdata.no/forskrift/1989-07-14-562
2.3 Purregebyr 2. gong - sjå forskrift	per purring	3/20 av inkassosatse n	3/20 av inkassosatse n			https://lovdata.no/forskrift/1989-07-14-562
2.4 Utsending av fakturakopi		78,00	81,00	3,00	3,85%	For ekstraarbeid. Kommunedirektøren kan utarbeide interne retningslinjer.

190 Gravfeste

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
9.1 Gravfestegebyr	per grav per år		400,00	414,00	14,00	3,50% Jf.gravplasslova § 14 har kommunestyret mynde til å fastsetja festeavgifta. Det blir årleg indeksregulering frå 2026-



Helse og omsorg

301 Utleige bustader

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Merknad
301.01 Leigeprisane gjeld for nye leigekontraktar som blir inngått.	per måned					Eksisterande leigetakarar kan ev. frivillig velja å gå over til ny leigeavtale med nye leigeprisar. Elles gjeld tidlegare inngåtte kontraktar, med prisindeksregulering.
Brennebakkin A	per måned	9 012,00	9 372,00	360,00	3,99%	Inkl.straum
Brennebakkin B	per måned	7 318,00	7 611,00	293,00	4,00%	Inkl.straum
Brennebakkin C	per måned	7 318,00	7 611,00	293,00	4,00%	Inkl.straum
Brennebakkin D	per måned	8 448,00	8 786,00	338,00	4,00%	Inkl.straum
Brennebakkin H0101	per måned	10 130,00	10 535,00	405,00	4,00%	Inkl.straum
Brennebakkin H0102	per måned	10 130,00	10 535,00	405,00	4,00%	Inkl.straum
Bygdinvegen 2108 (27/66)	per måned	0,00	10 000,00	10 000,00	0,00%	Ekskl. straum og nett
Bygdinvegen 2175 (27/42)	per måned	0,00	10 000,00	10 000,00	0,00%	Ekskl. straum og nett
Furustrand 27/10 Bygdinv.2090	per måned	10 858,00	11 292,00	434,00	4,00%	Tillegg for straum.
Furustrand 27/18 Bygdinv.2088/2092	per måned	9 577,00	9 960,00	383,00	4,00%	Inkl.straum
Helsehuset leil H0201	per måned	8 448,00	8 786,00	338,00	4,00%	Inkl.straum
Helsehuset leil H0102	per måned	5 635,00	5 860,00	225,00	3,99%	Inkl.straum
Helsehuset leil H0203	per måned	6 189,00	6 437,00	248,00	4,01%	Inkl.straum
Helsehuset leil.H0101	per måned	4 733,00	4 922,00	189,00	3,99%	Inkl.straum
Helsehuset, leil.H0202	per måned	7 287,00	7 579,00	292,00	4,01%	Inkl. straum. Pussa opp 2024.
Klima+-huset Tingvang - Leilighet B	per måned	9 457,00	9 835,00	378,00	4,00%	Inkl.straum
Klima+-huset Tingvang - Leilighet C	per måned	8 338,00	8 672,00	334,00	4,01%	Inkl.straum
Klima+-huset Tingvang - Leilighet D	per måned	10 358,00	10 772,00	414,00	4,00%	Inkl.straum
Krøsshaugen 9 A	per måned	7 807,00	8 119,00	312,00	4,00%	Inkl.straum og nett. Er pussa opp.
Krøsshaugen 9 B	per måned	5 635,00	5 860,00	225,00	3,99%	Inkl.straum og nett
Krøsshaugen 9 C	per måned	8 328,00	8 661,00	333,00	4,00%	Inkl.straum og nett. Er totalrenovert.
Løken - Nyhagevegen 37 - Tinden	per måned	6 515,00	6 776,00	261,00	4,01%	Ekskl. straum og nett.
Løken - Nyhagevegen 39 A - hybelleil. 1	per måned	4 343,00	4 517,00	174,00	4,01%	Ekskl. straum og nett.
Løken - Nyhagevegen 39 B - hybelleil. 2	per måned	4 343,00	5 000,00	657,00	15,13%	Ekskl. straum og nett. Nyoppussa bad 2025.
Løken - Nyhagevegen 41	per måned	7 600,00	7 904,00	304,00	4,00%	Ekskl. straum og internett.
Løken - Nyhagevegen 43	per måned	7 600,00	7 904,00	304,00	4,00%	Ekskl. straum og nett.
Moavegen 1 og 3 H0101	per måned	9 577,00	9 960,00	383,00	4,00%	Inkl.straum
Moavegen 1 og 3 H0102	per måned	9 577,00	9 960,00	383,00	4,00%	Inkl.straum
Moavegen 1 og 3 U0101	per måned	9 577,00	9 960,00	383,00	4,00%	Inkl.straum
Moavegen 1 og 3 U0102	per måned	9 577,00	9 960,00	383,00	4,00%	Inkl.straum
Moavegen 43 A, 2940 Heggenes	per måned	8 328,00	8 661,00	333,00	4,00%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 B, 2940 Heggenes	per måned	8 328,00	8 661,00	333,00	4,00%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 C, 2940 Heggenes	per måned	7 807,00	8 119,00	312,00	4,00%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 D, 2940 Heggenes	per måned	8 328,00	8 661,00	333,00	4,00%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 E, 2940 Heggenes	per måned	7 807,00	8 588,00	781,00	10,00%	Inkl.straum og nett. Nyoppussa kjøkken og malt 2025.
Moavegen 43 F, 2940 Heggenes	per måned	7 807,00	8 119,00	312,00	4,00%	Inkl.straum og nett



Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring	Endring	Merknad
				i kr	i %	
Moavegen 43 G, 2940 Heggenes	per måned	7 807,00	8 119,00	312,00	4,00%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 H, 2940 Heggenes	per måned	6 246,00	6 495,00	249,00	3,99%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 I, 2940 Heggenes	per måned	6 246,00	6 495,00	249,00	3,99%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 J, 2940 Heggenes	per måned	6 246,00	6 495,00	249,00	3,99%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 K, 2940 Heggenes	per måned	6 246,00	6 495,00	249,00	3,99%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 L, 2940 Heggenes	per måned	8 328,00	8 661,00	333,00	4,00%	Inkl.straum og nett
Moavegen 43 M, 2940 Heggenes	per måned	7 807,00	8 119,00	312,00	4,00%	Inkl.straum og nett
